



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 76 L

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringar i vallova (valdistrikt ved  
stortingsval, rett til å stille liste ved val mv.)



# Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen</b> .....	5	4.2.7	For seint innkomne stemmegivingar .....	20
<b>2</b>	<b>Bakgrunn</b> .....	6	4.2.8	Blanke stemmer .....	20
2.1	Innleiing .....	6	4.3	Elektronisk avkryssing i manntal på valdagen .....	20
2.2	Bakgrunn for forslaga til endringar i vallova .....	6	4.4	Manuell førebels oppteljing .....	21
2.2.1	Kommunesamanslåing på tvers av fylke og grensejusteringar .....	6	4.5	Valprotokollar .....	21
			4.6	Klager .....	21
			4.7	Informasjon til veljarane .....	22
2.3	Vallovutvalet og behov for utgreiing .....	7	4.7.1	Generell informasjon .....	22
			4.7.2	Valkort .....	22
			4.7.3	Ekstraordinært val til kommunestyre i Færder kommune .....	23
2.4	Gjennomføring av fylkestingsvalet i 2019 .....	7	4.7.4	Mandatfordeling og utrekning av utjanningsmandat .....	23
2.5	Høyringa .....	7	4.8	Tilgjenge .....	23
2.6	Høyringsinstansar .....	7	4.8.1	Organiseringa av vallokale .....	23
<b>3</b>	<b>Lovforslag</b> .....	10	4.8.2	Universell utforming .....	24
3.1	Bakgrunn for høyringa .....	10	4.9	Ekstern evaluering .....	24
3.2	Gjeldande rett .....	10	4.9.1	Innleiing .....	24
3.3	Høyringsforslaget .....	11	4.9.2	Valadministrasjons-systemet EVA .....	25
3.3.1	Valdistrikt .....	11	4.9.3	Informasjon .....	25
3.3.2	Valstyre .....	11	4.9.4	Opplæring .....	25
3.3.3	Rett til å stille liste og krav til underskrifter .....	11	4.9.5	Brukarstøtte .....	26
3.3.4	Mandatfordeling og kandidatkåring .....	12	4.9.6	Samla vurdering og tilrådingar .....	26
3.3.5	Listekandidatar i vallokalet .....	12	4.9.7	Departementets vurdering .....	27
3.3.6	Endeleg oppteljing .....	12	<b>5</b>	<b>Sametingsvalet</b> .....	28
3.3.7	Kontroll av stortingsval .....	12	5.1	Gjeldande rett .....	28
3.4	Høyringssvara .....	12	5.2	Valdeltakinga .....	28
3.5	Departementets vurdering og forslag .....	14	5.3	Evaluering .....	28
3.5.1	Kommentarar til merknadene frå høyringsinstansane .....	14	<b>6</b>	<b>Internasjonal valobservasjon</b> .....	29
3.5.2	Rett til å stille liste og krav til underskrifter .....	15	6.1	Observasjon av stortingsvalet 2017 .....	29
<b>4</b>	<b>Evaluering av stortingsvalet 2017</b> .....	16	6.2	Rapport frå OSSE om stortingsvalet 2017 .....	29
4.1	Innleiing .....	16	6.2.1	Innleiing .....	29
4.2	Statistikk .....	16	6.2.2	Preferanseval under førehandsstemmegiving .....	29
4.2.1	Valdeltaking .....	16	6.2.3	Legitimasjon .....	30
4.2.2	Valdeltaking etter alder .....	16	6.2.4	Synshemma .....	30
4.2.3	Valdeltaking blant innvandrarar .....	16	6.2.5	Oppteljing av førehandsstemmer .....	30
4.2.4	Mottekne stemmer .....	17	6.2.6	Publisering av valresultat .....	30
4.2.5	Stemmegiving utanriks .....	18	6.2.7	Systemendringar .....	31
4.2.6	Forkasta stemmegivingar og stemmesetlar .....	18	6.2.8	Kjeldekodar .....	31
			6.2.9	Partifinansiering .....	31

<b>7</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar .....</b>	<b>32</b>	<b>Forslag til lov om endringar i vallova (valdistrikt ved stortingsval, rett til å stille liste ved val mv.) .....</b>	<b>36</b>
<b>8</b>	<b>Merknader til dei einkilde forslaga .....</b>	<b>33</b>		



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 76 L

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

## Endringer i vallova (valdistrikt ved stortingsval, rett til å stille liste ved val mv.)

*Tilråding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 10. april 2018,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg om visse endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven).

Forslaga om endringar i vallova inneber at stortingsvalet i 2021 kan gjennomførast med dei 19 valdistrikta vi har i dag, mens vi ventar på utgreiing og endeleg behandling av spørsmålet. Proposisjonen inneheld òg ei oppsummering av

evalueringane av stortingsvalet i 2017, der departementet svarer på ein del av merknadene frå Stortingets fullmaktskomité frå Innst. 1 S (2017–2018). Rapporten som departementet fekk frå Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa sitt kontor for demokrati og menneskerettar (OSSE/ODIHR) etter observasjonen ved stortingsvalet i 2017, blir òg kommentert i proposisjonen.

## 2 Bakgrunn

### 2.1 Innleiing

---

Stortinget vedtok den 8. juni 2017 ny inndeling av det regionale folkevalde nivået, jf. Prop. 84 S (2016–2017) og Innst. 385 S (2016–2017), og den 8. juni 2016 vedtok Stortinget å slå saman Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag, jf. Prop. 130 LS (2015–2016) og Innst. 361 L (2015–2016). På bakgrunn av desse vedtaka er dagens 19 fylkeskommunar slått saman til 11. Samanslåingane vil tre i kraft den 1. januar 2020, med unntak av samanslåinga av Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag som gjaldt frå den 1. januar 2018. Den nye fylkesinndelinga får konsekvensar for valordninga ved stortingsval, ettersom dagens fylke er valdistrikt ved stortingsval.

Departementet har det overordna nasjonale ansvaret for valg gjennomføringa, og meiner det er viktig å sikre ein føreseieleg situasjon for veljarar, parti og lokale valstyresmakter fram til spørsmålet er grundig utgreidd. Departementet foreslår derfor i denne proposisjonen nødvendige endringar i vallova for å kunne få til ei gjennomføring med 19 valdistrikt ved stortingsvalet i 2021.

Departementet understrekar at det er viktig å setje av tilstrekkeleg tid til tilpassingar i mellom anna regelverk, rutinar og valadministrasjonssystemet som blir brukt til å gjennomføre val. Departementet tilrår at Stortinget innan våren 2018 avklarar kva som skal vere valdistrikta ved valet i 2021.

### 2.2 Bakgrunn for forslaga til endringar i vallova

---

Det følgjer av Grunnlova at det skal vere 19 valdistrikt ved stortingsval, mens vallova seier at det er fylka som er valdistrikta. Det er no ikkje lenger samsvar mellom talet på fylke i Noreg og talet på valdistrikt. Utan ei klargjering av dette i vallova vil ikkje føreseigna i Grunnlova vere tilstrekkeleg til å kunne seie noko om kva som ligg i dei 19 valdistrikta.

Departementet foreslår at dei 19 valdistrikta skal først opp med namn i vallova, og at valdis-

trikta får namn etter dei 19 fylka som har vore valdistrikt ved førre val. Departementet foreslår òg at namna på alle kommunane som høyrer til dei ulike valdistrikta, blir lista opp i ei forskrift.

Endring i fylkesstrukturen og uvisse om inndelinga i valdistrikt framover gjer at partia har behov for meir fleksibilitet. Vallova bør ikkje leggje føringar på korleis partia organiserer seg, og dette blir sikra ved endringar i ordlyden i § 6-3.

Samtidig foreslår departementet at føreseigna om kven som har rett til å representere eit registrert politisk parti på lokalt nivå, blir flytta frå forskrift 2. januar 2003 nr. 5 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgforskriften) til vallova. Departementet meiner føreseigna er så viktig for behandlinga av listeforslag at dette bør reguleras i vallova.

Det blir òg foreslått fleire endringar som inneber at det i føresegner der det tidlegare var brukt nemninga «fylke» i samanhengar som berre gjeld fylkets funksjon som valdistrikt, no vil bli brukt nemninga «valgdistrikt».

#### 2.2.1 Kommunesamanslåing på tvers av fylke og grensejusteringar

Fleire av dei vedtekne samanslåingane av kommunar er gjorde på tvers av fylkesgrensene. Departementet understrekar at det i denne prosessen blei teke omsyn til departementets tilråding om å gjennomføre stortingsvalet med 19 valdistrikt. Då Stortinget den 8. juni 2017 gjorde vedtak om å justere fylkesgrenser, innebar vedtaket òg at kommunar som blei slått saman på tvers av fylkesgrenser, fekk tilhøyrse til eit av dei gamle fylka. Eit eksempel på dette er vedtaket om samanslåing av Aurskog–Høland kommune og Rømskog kommune, som lyder slik:

Aurskog–Høland kommune og Rømskog kommune slås sammen fra 1. januar 2020.

Fylkesgrensen mellom Akershus og Østfold justeres slik at den nye kommunen blir en del av Akershus fylke.

Det same prinsippet gjeld for kommunar som er påverka av grensejusteringar der delar av eller heile kommunen går over til eit anna fylke. For eksempel vil Rindal kommune, dersom det blir vedteke at denne kommunen skal gå frå å vere del av Møre og Romsdal fylke til å bli ein del av Trøndelag fylke, høyre til Sør-Trøndelag valdistrikt dersom Stortinget vedtek å halde på den noverande fylkesinndelinga som valdistrikt ved stortingsvalet i 2021. Kva for valdistrikt einingane skal høyre til, vil bli opplyst i vedtaka om grensejustering som etter planen skal fremmast for Stortinget våren 2018.

Det vil dermed vere eintydig definert kva for kommunar som høyrer til dei ulike valdistrikta.

### 2.3 Vallovutvalet og behov for utgreiing

Inndeling i valdistrikt er eit prinsipielt viktig spørsmål som har stor innverknad på korleis valordninga fungerer. Departementet meiner derfor det er viktig at dette blir grundig utgreidd. Regjeringa oppnemnde i juni 2017 eit vallovutval som har som del av sitt mandat å greie ut konsekvensar av strukturendringa for valordninga, inkludert inndeling i valdistrikt og fordeling av utjammingsmandat. I tillegg til solid fagkompetanse innan jus og statsvitskap og kunnskap om valgjennomføring, har utvalet medlemmer frå alle dei politiske partia som var valt inn på Stortinget da utvalet blei satt ned.

Departementet meiner det er viktig å vente på innstillinga frå utvalet før valordninga blir endra. Når vallovutvalet har levert si innstilling ved utgangen av 2019, vil departementet leggje opp til ein prosess med brei høyring før forslag til endringar i valordninga og vallova blir sendt til Stortinget. Departementet meiner denne prosessen sikrar legitimitet og tillit til valsystemet.

Mens vi ventar på utgreiinga av dette frå vallovutvalet, meiner departementet at det er føremålstenleg å gjennomføre stortingsvalet i 2021 med dagens 19 valdistrikt. Dagens valdistriktsinndeling sikrar omsyn til geografisk og partipolitisk representasjon og vil etter departementets vurdering vere ei god løysing fram til Stortinget tek endeleg stilling til spørsmålet når utgreiinga og tilrådinga frå vallovutvalet er klare. Denne løysinga vil medverke til tryggleik og ein føreseieleg situasjon under førebuingane til stortingsvalet.

### 2.4 Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019

I 2019 skal det vere val til kommunestyre og fylkesting. Kommunar og fylkeskommunar som slår seg saman frå den 1. januar 2020, skal gjennomføre valet som om grenseendringane er gjorde.

Etter inndelingslova inkluderer grenseendringane både samanslåingar, delingar og grensejusteringar. Dette sikrar at alle innbyggjarane i dei nye einingane får vere med på å velje dei nye kommunestyra og fylkestinga sine. Departementet vil våren 2018 fastsetje to forskrifter om gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval i 2019 som gjeld for dei kommunane og fylkeskommunane som er påverka av grenseendringar. Forskriftene har vore på høyring, og departementet fekk ei rekkje nyttige innspel, særleg frå kommunar og Kartverket. Bortimot alle høyringsinstansane støtta forslaga prinsipielt, men somme peikte på at utkastet frå departementet ikkje i tilstrekkeleg grad fanga opp kommunar som er påverka av delingar og grensejusteringar. Departementet har endra og kvalitetssikra forskriftsutkasta på bakgrunn av dette, slik at alle grenseendringar no er fanga opp. Det vil bli sendt ut ein rettleiar til forskriftene som informerer grundig om korleis valet skal gjennomførast. I tillegg vil Valdirektoratet tilby særskild opplæring til kommunar og fylkeskommunar som er påverka av grenseendringar.

### 2.5 Høyringa

I høyringsbrev av den 3. januar 2018 sende Kommunal- og moderniseringsdepartementet på høyring forslag om endringar i vallova og valforskrifta og forslag til to nye forskrifter om gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019. Høyringsfristen blei sett til den 14. februar 2018. Departementet har motteke høyringssvar frå 63 instansar.

### 2.6 Høyringsinstansar

Høyringsnotatet blei sendt til desse høyringsinstansane:

Departementa

Barneombodet  
Brønnøysundregistra  
Datatilsynet

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)	Posten AS
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Aftenposten
Finanstilsynet	Akademikerne
Forbrukartilsynet	Arbeidsgiverforeningen Spekter
Forbrukarrådet	Dagbladet
Foreldreutvalet for grunnopplæringa	Dagens Næringsliv
Fylkesmennene	Delta
Helsedirektoratet	Den Norske Advokatforening
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)	Den Norske Dommerforening
Konkurransetilsynet	Den norske Helsingforskomité
Likestillings- og diskrimineringsnemnda	Den norske Revisorforening
Likestillings- og diskrimineringsombodet	Elevorganisasjonen
Medietilsynet	EVRY
Nasjonalt tryggingorgan (NSM)	Fagforbundet
Noregs Bank	Faglig forum for formannskapssekretærer
Noregs forskingsråd	Fellesforbundet
Noregs nasjonale institusjon for menneskerettar	Finansnæringsens Hovedorganisasjon
Norsk ressursbank for demokrati og menneskerettar (NORDEM)	Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring
Riksarkivet	Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
Skattedirektoratet	Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)
Statens helsetilsyn	Handels- og servicenæringsens hovedorganisasjon
Statens kartverk	Innvandrerne landsorganisasjon (INLO)
Statens råd for likestilling av funksjonshemma	Institutt for samfunnsforskning (ISF)
Statens seniorråd	KS – Kommunesektorens organisasjon
Statistisk sentralbyrå (SSB)	Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Sysselmannen på Svalbard	Landsrådet for Norges barne- og Ungdomsorganisasjoner (LNU)
Utdanningsdirektoratet	Mediebedriftenes Landsforening
Utlendingsdirektoratet	MiRA-Senteret
Valdirektoratet	Nasjonalforeningen for folkehelsen
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU)	Norges Blindeforbund
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU)	Norges Handikapforbund
Rokkansenteret	Norges Juristforbund
Universitetet i Agder	Norges Kommunerevisorforbund
Universitetet i Bergen	Norsk design- og arkitektursenter
Universitetet i Oslo	Norsk Forbund for Utviklingshemmede
Universitetet i Stavanger	Norsk Forening for Bolig- og Byplanlegging
Universitetet i Tromsø	Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR)
Ombodsmannen for forsvaret	Norsk Journalistlag
Riksrevisjonen	Norsk Pasientforening
Sametinget	Norsk Pensjonistforbund
Sametingets ungdomspolitiske utval (SUPU)	Norsk Presseforbund
Sivilombodsmannen	Norsk Redaktørforening
Tillitsmannsordninga i Forsvaret (TMO)	Norsk Rådmannsforum
Fylkeskommunane	Norsk studentorganisasjon
Kommunane	Norsk sykepleierforbund
Longyearbyen lokalstyre	Norsk Telegrambyrå (NTB)
Den norske kyrkja	Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Likestillingssenteret	Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO)
Norsk rikskringkasting (NRK)	Sparebankforeningen
	TV 2
	Unio



Utdanningsforbundet	Øyer kommune
Valgforum	Ålesund kommune
Verdens Gang (VG)	
Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)	KS – Kommunesektorens organisasjon
	Norsk studentorganisasjon
Alliansen	Unio
Arbeidarpartiet	
Demokratane	Noregs Kommunistiske Parti
Framstegspartiet	
Helsepartiet	Vidar Sætre
Høgre	
Kristeleg Folkeparti	Desse høyringsinstansane har ikkje hatt merkna-
Kystpartiet	der til forslaget om lovendringar:
Liberalistane	
Miljøpartiet dei Grøne	Forsvarsdepartementet
Noregs Kommunistiske Parti	Helse- og omsorgsdepartementet
Partiet Dei Kristne	Justis- og beredskapsdepartementet
Pensjonistpartiet	Klima- og miljødepartementet
Piratpartiet	Kunnskapsdepartementet
Raudt	Samferdselsdepartementet
Samfunnspartiet	Utanriksdepartementet
Senterpartiet	
Sosialistisk Venstreparti	Brønnøysundregistra
Tverrpolitisk Folkevalde	Statistisk sentralbyrå
Venstre	Fylkesmannen i Hedmark
Departementet har motteke merknader til forsla-	Akershus fylkeskommune
get om lovendringar frå desse høyringsinstansane:	Rogaland fylkeskommune
	Troms fylkeskommune
Statens kartverk	Vest-Agder fylkeskommune
Valdirektoratet	
	Asker fellesnemnd
Akershus fylkeskommune	Alta kommune
Aust-Agder fylkeskommune	Aurskog–Høland kommune
Buskerud fylkeskommune	Eidsberg kommune
Telemark fylkeskommune	Fjell kommune
Trøndelag fylkeskommune	Hammerfest kommune
Vest-Agder fylkeskommune	Indre Østfold fellesnemnd
Vestfold fylkeskommune	Klæbu kommune
	Kristiansand kommune
Bardu kommune	Lindås kommune
Bergen kommune	Mandal kommune
Drammen kommune	Nore og Uvdal kommune
Eidsberg kommune	Nye Ålesund kommune
Fredrikstad kommune	Rollag kommune
Namsos fellesnemnd	Sarpsborg kommune
Nedre Eiker kommune	Skedsmo kommune
Rennesøy kommune	Stavanger kommune
Rindal kommune	Tromsø kommune
Røyken kommune	Ørskog kommune
Steinkjer fellesnemnd	
Trondheim kommune	Kyrkjerådet
Vågsøy kommune	

## 3 Lovforslag

### 3.1 Bakgrunn for høyringa

Stortinget vedtok den 8. juni 2017 fleire fylkessamanslåingar som vil tre i kraft den 1. januar 2020. Stortinget vedtok 8. juni 2016 å slå saman Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag fylke til Trøndelag fylke med verknad frå den 1. januar 2018. Den nye inndelinga på det regionale folkevalde nivået får konsekvensar for valordninga for stortingsval og valgjennomføringa i 2021. Dei opphavlege 19 fylka er valdistrikt ved stortingsval. Ved samanslåing av fylke vil det ikkje lenger vere samsvar mellom talet på fylke og talet på valdistrikt.

Stortinget må før neste stortingsval ta stilling til kor mange valdistrikt det skal vere. Dersom Stortinget ønskjer å halde på talet på valdistrikt, må ordlyden i vallova endrast. Dette fordi det følger av dagens lovføresegn at det er *fylka* som utgjer dei 19 valdistrikta. Dersom landet skal ha like mange valdistrikt i 2021, ser departementet det som nødvendig å endre lovføresegna slik at ho slår fast at dei opphavlege 19 fylka skal vere valdistrikt ved stortingsval. Om Stortinget ønskjer å redusere talet på valdistrikt, må både Grunnlova og vallova endrast.

Hausten 2016 blei det fremma fleire grunnlovsforslag om endring av grunnlovsføresegnene om valdistrikt. Dei gjer det mogleg for Stortinget å vedta ein reduksjon i talet på valdistrikt før valet i 2021. Eitt av grunnlovsforslaga går ut på å redusere talet på valdistrikt til 18, med bakgrunn i samanslåinga av Nord- og Sør-Trøndelag frå den 1. januar 2018. Departementet meiner det er uheldig å endre Grunnlova berre for eitt valdistrikt no, sidan det vil vere ei mellombels løysing. Departementet tilrår at spørsmålet om kva som skal utgjere valdistrikta, blir greidd ut som ei heilskapleg problemstilling i vallovutvalet, og sende derfor på høyring eit forslag om å halde på 19 valdistrikt i 2021.

Departementet presenterte konsekvensane av endringar av fylkesstrukturen i Prop. 84 S (2016–2017) *Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå*. Departementet la vekt på at talet på valdistrikt har stor innverknad på valordninga, og at det dermed trengst grundige utgreiingar før føresegnene i

Grunnlova blir endra. Departementet meinte at dette ikkje var mogleg før endeleg fylkesstruktur var vedteken, og konkluderte med at valet i 2021 derfor burde gjennomførast med dagens valordning, det vil seie med 19 valdistrikt.

Departementet meiner framleis at det er ei naturleg og trygg løysing å halde på dagens 19 valdistrikt i 2021, for det vil sikre ei god valgjennomføring som har legitimitet hos både parti og veljarar. Ny fylkesstruktur er no vedteken, og utvalet kan greie ut spørsmålet om valdistrikt grundig med bakgrunn i den nye strukturen. Å halde på dei 19 valdistrikta i eitt val til er ei føreseieleg løysing som sikrar omsyna til geografisk og partipolitisk representasjon. Dagens inndeling er godt innarbeidd, og det gir tryggleik for både parti og veljarar. Departementet foreslår derfor tilpassingar i lovverket som gjer det mogleg å gjennomføre stortingsvalet i 2021 med 19 valdistrikt. Valdistrikta vil da ikkje lenger vere samanfallande med fylkesgrensene. Det inneber at fleire av dei nye fylkeskommunane vil få ansvar for valgjennomføringa i meir enn eitt valdistrikt.

### 3.2 Gjeldande rett

Stortingsval er regulerte av Grunnlova og vallova.

Fleire viktige forhold som gjeld stortingsval, er regulerte i Grunnlova. Dette gjeld blant anna reglar om stemmerett, kven som kan veljast, tidspunkt for val, godkjenning av valet, valordning og mandatfordeling.

Av Grunnlova § 57 går det fram at landet er delt inn i 19 valdistrikt ved stortingsval. Det følger òg av Grunnlova at kvart valdistrikt får tildelt eitt utjamningsmandat. Vallova § 11-1 slår òg fast at det er 19 valdistrikt ved stortingsval, og fastset vidare at det er fylka som utgjer desse 19 valdistrikta.

Resten av føresegnene om stortingsval står i vallova. Vallova inneheld blant anna føresegner om kven som kan veljast, valorgan, listeforslag, gjennomføring av stemmegiving og oppteljing, valoppgjjer, godkjenning og klage. I fleire av desse

føresegnene blir det vist til «fylket» i tydinga fylkets funksjon som valdistrikt. Føresegnene om listeforslag er for eksempel gjennomgåande baserte på at dagens fylke utgjør valdistrikt både ved stortingsval og ved fylkestingsval.

### 3.3 Høyringsforslaget

#### 3.3.1 Valdistrikt

På bakgrunn av problemstillinga det er gjort greie for i kapittel 3.1, foreslo departementet å endre vallova § 11-1, som i dag seier at kvart fylke utgjør eit valdistrikt. Departementet foreslo at føresegna blir endra slik at ho ikkje lenger peiker ut fylka som valdistrikt, men gjer greie for kva for einingar (kommunar) som utgjør dei 19 valdistrikta. Dette vil det først vere mogleg å vedta når alle namna på dei nye kommunane er fastsette i forskrift. Departementet foreslo derfor ein forskriftsheimel som gir departementet høve til å fastsetje eintydig i forskrift kva for kommunar som høyrer inn under dei ulike valdistrikta. Departementet understreka at den einaste grunnen til at det er nødvendig med ein slik forskriftsheimel, er at ikkje alle kommune-namn er fastsette enno.

#### 3.3.2 Valstyre

I samsvar med vallova § 4-3 skal det ved stortingsval vere eit fylkesvalstyre i kvart fylke som blir valt av fylkestinget sjølv. Dei nye fylka vil i 2021 ha fylkesting som kan peike ut eit fylkesvalstyre med ansvar for eitt eller fleire valdistrikt i fylket. Dette inneber for eksempel at fylkestinget i det nye samanslåtte fylket Agder peiker ut eit fylkesvalstyre som har ansvaret for både Vest-Agder valdistrikt og Aust-Agder valdistrikt ved gjennomføringa av valet i 2021. Denne ordninga kan gjennomførast utan endring i regelverket, og det vil vere ei god praktisk løysing.

Etter vallova § 11-4 andre ledd skal fylkesvalstyret utføre valoppgjør for fylket. Med 19 valdistrikt og 11 fylkesvalstyre foreslo departementet i høyringsnotatet at føresegna blir endra til at fylkesvalstyret skal utføre valoppgjør for *kvart av valdistrikta i fylket*.

#### 3.3.3 Rett til å stille liste og krav til underskrifter

Vallova kapittel 6 inneheld reglar om krav til og behandling av listeforslag. Departementet meiner det er nødvendig å endre nokre av desse føresegnene for å tilpasse regelverket til ei valgjennom-

føring der det ikkje er samsvar mellom talet på valdistrikt og talet på fylke.

Vallova § 6-2 første ledd set krav til kor mange kandidatnamn det skal vere på listeforslaget ved stortingsval. I dag er regelen at listeforslaget skal vere utfyllt med namnet på så mange kandidatar som det skal veljast representantar til Stortinget frå fylket, i tillegg til seks andre namn. Departementet uttrykte eit ønske om å endre føresegna slik at kravet til kor mange namn det skal vere på listeforslaget, blir knytt til *valdistriktet* i staden for til fylket. Forslaget inneber altså at krava vil vere dei same som i dag.

Vallova § 6-3 første ledd gjeld reglar for underskrift på listeforslag for registrerte parti som kan stille liste etter forenkla regelverk. Etter denne føresegna kan registrerte parti som fekk minst 500 stemmer i eitt fylke eller minst 5 000 stemmer i heile landet ved førre stortingsval, levere listeforslag som er underskrive av minst to av styremedlemmene i partiets lokalavdeling i det fylket lista gjeld. Departementet meiner ordlyden bør endrast som følgje av fylkessamanslåingane. Denne føresegna inneheld òg eit krav om lokal forankring ved at underteknarane må ha stemmerett i valdistriktet det gjeld. Etter departementets vurdering er det viktig at dette kravet blir ståande.

Departementet foreslo derfor at vallova § 6-3 blir endra slik at eit listeforslag kan underteknast av *to styremedlemmer i partiets lokalavdeling med stemmerett i valdistriktet*. Dette inneber at reglane i vallova om listeforslag ikkje legg føringar på korleis partia organiserer seg.

Det er òg nødvendig å endre vallova § 6-3 andre ledd, som gjeld parti som må samle underskrifter på listeforslaga for å kunne stille liste til valet. Etter dagens regelverk må listeforslaget vere underskrive av minst 500 personar med stemmerett i *fylket* ved det aktuelle valet. Å endre føresegna til at listeforslaget må vere underskrive av 500 personar med stemmerett i *valdistriktet*, vil i praksis vere å halde på dagens ordning. Departementet foreslo derfor også å endre ordlyden i denne føresegna.

Valforskrifta § 16 fastset at dersom det er uklart kven som har rett til å representere eit registrert politisk parti på lokalt nivå og rett til å stille liste, skal valstyresmaktene innhente og leggje til grunn fråsegn frå utøvande organ i partiet, jf. lov 17. juni 2005 nr. 102 om visse forhold vedrørende de politiske partiene (partiloven) § 3 andre ledd bokstav b. Departementet foreslo i høyringsnotatet å flytte denne føresegna frå valforskrifta til vallova. Føresegna er av ein slik grunn-

leggjande karakter for godkjenninga av liste-forslag at det vil vere naturleg at ho kjem fram direkte av lova. Ei lovregulering vil vere med på å synleggjere føresegna i større grad. Departementet understreka at flyttinga ikkje medfører noka materiell endring, verken for valstyresmaktene eller for partia.

### 3.3.4 Mandatfordeling og kandidatføring

Vallova kapittel 11 handlar om reglar for fordeling av mandat og føring av kandidatar ved stortingsval.

Vallova § 11-4 andre ledd fastset at fylkesvalstyret skal utføre valoppgjer for fylket og fordele distriktsmandata mellom listene etter St. Laguës modifiserte metode. Departementet ser det som nødvendig å gjere ei endring som presiserer at fylkesvalstyret utfører valoppgjer for valdistrikta i fylket.

Vallova § 11-6 tredje ledd regulerer korleis Riksvalstyret fordele utjanningsmandata til partia på kvart fylke. Det vil i 2021 framleis vere 19 utjanningsmandat til fordeling på dei 19 valdistrikta, og fylket vil ikkje spele noka rolle i denne utrekninga. Departementet foreslo derfor å endre nemninga *fylke* til *valdistrikt* gjennomgåande i heile føresegna.

Lova § 11-9 andre ledd gjeld situasjonar der ein kandidat blir vald inn frå fleire fylke. Kandidaten må i så fall gi ei skriftleg erklæring om kva for fylke han eller ho ønskjer å ta imot valet frå. Departementet foreslo å presisere at kandidaten må erklære kva for *valdistrikt* han eller ho ønskjer å ta imot valet frå.

### 3.3.5 Listekandidatar i vallokalet

Etter § 8-2 tredje ledd kan ikkje ein kandidat som er oppført på ei valliste ved stortingsvalet, oppnemast til mottakar av førehandsstemmer i kommunane i det same fylket.

Etter § 9-3 fjerde ledd kan ikkje ein kandidat som er oppført på ei valliste ved stortingsvalet, oppnemast til stemmemottakar eller valfunksjonær i vallokala i kommunane i det same fylket.

Departementet trekte fram at denne føresegna blir uforholdsmessig streng dersom fylka ikkje lenger er valdistrikt. Siktemålet med føresegna er å sikre at veljarane opplever stemmegivinga som nøytral. Dersom ein listekandidat blir oppnemnd til stemmemottakar eller valfunksjonær i eit anna valdistrikt enn der han eller ho står på liste, innanfor same fylke, ser ikkje departementet at dette vil vere i strid med prinsippet bak innføringa av denne restriksjonen.

Departementet foreslo derfor i høyringsnotatet å endre føresegnene til at kandidaten ikkje kan oppnemast i det same *valdistriktet*.

### 3.3.6 Endeleg opteljing

Etter vallova § 10-6 fjerde ledd skal fylkesvalstyret registrere rettingar veljarane har gjort på stemmesetlane ved stortingsvalet. Fylkesvalstyret skal telje kor mange stemmesetlar som er gitt til kvar liste, samanlagt for alle kommunane i fylket.

Departementet foreslo å endre føresegna til at det skal teljast kor mange stemmesetlar som er gitt til kvar liste, samanlagt for alle kommunane i eitt *valdistrikt*.

### 3.3.7 Kontroll av stortingsval

Stortingets mynde til å gjere vedtak om stortingsvalet er gyldig, er heimla i vallova § 13-3. Etter lova skal Stortinget kjenne stortingsvalet i ein kommune eller eit fylke ugyldig dersom det er gjort feil som truleg har hatt innverknad på utfallet av valet, og som det ikkje er mogleg å rette opp. Stortinget kan i så fall påby omval i heile fylket.

Departementet trekte i høyringsnotatet fram at også denne føresegna må endrast til at Stortinget kan kjenne stortingsvalet i eit *valdistrikt* ugyldig og påby omval i heile *valdistriktet* dersom det er gjort ein slik feil.

## 3.4 Høyringssvara

Dei fleste høyringsinstansane som uttaler seg, støttar departementets forslag om å gjennomføre stortingsvalet i 2021 med dagens 19 valdistrikt. Blant desse er *Akershus fylkeskommune*, *Bardu kommune*, *Buskerud fylkeskommune*, *Drammen kommune*, *Kristiansand kommune*, *Norsk studentorganisasjon*, *Skedsmo kommune*, *Telemark fylkeskommune*, *Trondheim kommune*, *Tromsø kommune* og *Unio*.

Både *Aust-Agder* og *Vest-Agder fylkeskommunar* støttar departementets vurdering av at stortingsvalet i 2021 blir gjennomført med dagens 19 valdistrikt, og meiner dei foreslåtte endringane er nødvendige for å sikre at valet i 2021 blir gjennomført på ein tillitvekkjande og korrekt måte.

*Fredrikstad kommune* støttar òg forslaget om å halde på dagens 19 valdistrikt ved kommande stortingsval. Kommunen er samd i at endringar i valdistrikt bør vurderast nøye, og at slike endringar kan gjere det nødvendig å gå gjennom modellen for utrekning av mandatfordeling mellom val-

distrikta, f.eks. vektinga mellom innbyggjartal og areal.

*Bergen kommune* støttar forslaget frå departementet og strekar under at departementet må lage eit godt opplegg for informasjon om endringane i valg gjennomføringa ved vala i 2019 og 2021 til veljarar, parti og kommunar og fylkeskommunar.

*Kommunesektorens organisasjon (KS)* meiner at forslaga frå departementet om å gjennomføre både kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 og stortingsvalet i 2021 verkar som rimelege og praktiske løysingar på det som står fram som mellom- belse utfordringar, og støttar alle forslaga. KS ser fram til å gå nærmare inn på endringar i valordninga når utgreiinga frå vallovutvalet ligg føre ved utgangen av 2019.

*Vestfold fylkeskommune* føreset at inndelinga av valdistrikt til stortingsvalet i 2021 berre gjeld ved dette valet, og at dei nye fylka vil danne permanente valdistrikt frå stortingsvalet i 2025. Fylkeskommunen er òg betenkt over forslaget til endring i vallova § 11-1, som inneber at det skal fastsetjast i eiga forskrift kva for kommunar som inngår i dei ulike valdistrikta. Vestfold fylkeskommune er uroleg over at ein i forskrift, utan stortingsbehandling, kan endre valdistrikta, og meiner at ein utilsikta verknad er at valresultatet kan bli påverka. Vestfold fylkeskommune ber departementet sjå meir på moglege demokratiske verknader. Fylkeskommunen støttar elles forslaget frå departementet.

Eit fåtal høyringsinstansar støttar ikkje forslaget om å gjennomføre stortingsvalet i 2021 med dagens 19 valdistrikt. *Trøndelag fylkeskommune* meiner at Trøndelag må utgjere eitt valdistrikt, slik at valet blir gjennomført med 18 valdistrikt. Fylkeskommunen føreset at Trøndelag blir representert med like mange mandat som i dag.

*Røyken kommune* støttar heller ikkje departementets forslag til gjennomføring av stortingsvalet i 2021. Kommunen grunngir standpunktet slik:

Partiorganisasjonene og lokaldemokratiet vil ha tilpasset seg den nye inndelingen både på kommune- og fylkesnivå. De fleste politiske partier i Røyken har for eksempel allerede tilpasset sine partiorganisasjoner til den nye kommunen fra 2017 av. Å gjennomføre nominasjon og sikre en aktiv deltakelse i hele den demokratiske prosessen er svært viktig for Røyken kommune. Når ny kommune er eta-

blert og de demokratiske prosessene er tilpasset den, vil derfor et valg etter tidligere fylkesgrenser der identitet, tilhørighet og engasjement så vel som lokaldemokratiske institusjoner som partienes nominasjonsprosess er tilpasset ny modell, vil derfor kunne skape avstand og ikke i tilstrekkelig grad sikre innbyggerens rett og mulighet til deltakelse og å bli hørt.

Kommunen meiner at Stortinget bør vedta dei nødvendige lovendringane slik at stortingsvalet i 2021 kan gjennomførast etter ny fylkesinndeling.

Nokre høyringsinstansar knyter merknader til utforminga av føresegnene i forslaget.

*Kartverket* har ein merknad til forslaget til endring i vallova § 11-1 om valdistrikta ved stortingsval, og uttaler:

Valgdistriktene som ramses opp er basert på tidligere fylkesinndeling, men følger ikke fylkesnumrene. Vi anbefaler at numrene også fungerer som kode for valgdistriktene i registersammenheng. For at kodene skal være gjenkjennbare anbefaler vi at de baserer seg på gamle fylkeskoder. Det vil si at kode 13 utgår. Sogn og Fjordane valgdistrikt til Finnmark valgdistrikt blir dermed nummerert fra 14 til 20.

*Noregs Kommunistiske Parti (NKP)* uttaler seg om forslaget til endring i vallova § 6-3 om underskrifter på listeforslag for registrerte politiske parti. NKP meiner det er diskriminerande overfor små parti med avgrensa ressursar å måtte samle inn underskrifter igjen og igjen, og meiner dette kravet berre bør stillast første gong eit parti stiller til val. Partiet meiner derfor at føresegna bør endrast til at alle registrerte politiske parti som har stilt til val tidlegare, kan stille listeforslag etter forenkla regelverk der to styremedlemmer signerer.

*Valdirektoratet* uttaler at forslaga til endringar i regelverket etter deira syn vil sikre dei nødvendige regulatoriske omsyna. Direktoratet reknar med at konsekvensen for valstyresmaktene i stor grad vil handle om kommunikasjon og opplæring. Direktoratet understrekar at det kan bli utfordrande å kommunisere ut mot veljarane at dei stemmer til ulike valdistrikt ved vala i 2019 og 2021. Direktoratet trekkjer òg fram at det er viktig med god opplæring av dei fylkeskommunane som skal administrere meir enn eitt valdistrikt.

### 3.5 Departementets vurdering og forslag

#### 3.5.1 Kommentarer til merknadene frå høyringsinstansane

Departementet noterer seg at dei aller fleste høyringsinstansane støttar forslaga eller ikkje har nokon merknader til dei foreslåtte endringane.

Departementet viser til høyringsfråsegna frå *Kartverket* om nummerering av valdistrikt, og at nummer 13 ikkje bør brukast så lenge opplistinga elles samsvarer med fylkesnummereringa. Departementet har på bakgrunn av høyringsfråsegna gjort ei ny vurdering av forslaget til lovføresegn og meiner det ikkje er nødvendig å ha nummerering i opplistinga av valdistrikta. Sjølv om forslaget inneber at dei gamle fylka er valdistrikt i 2021, er det ikkje nødvendig å bruke fylkesnummerering i vallova. Forslaget til endring av vallova § 11-1 som blir fremma i proposisjonen, er derfor utan nummerering, men er lista opp med bokstavane a-s.

Departementet viser til høyringssvaret frå *Vestfold fylkeskommune*, som føreset at dei nye fylka vil danne permanente valdistrikt frå stortingsvalet i 2025. Departementet understrekar at bakgrunnen for forslaget er at denne problemstillinga skal greiast ut av vallovutvalet. Departementet vil ikkje gjere noka vurdering av kva som skal utgjere valdistrikta i 2025, men ventar på innstillinga frå utvalet. Innstillinga vil bli send på brei høyring før departementet fremmar forslag til Stortinget om ny vallov. Endringane som er foreslått i vallova, vil altså i alle høve berre gjelde ved valet i 2021, sidan valet i 2025 vil bli gjennomført etter ny vallov.

*Vestfold fylkeskommune* er den einaste høyringsinstansen som uttaler seg om forslaget om å innføre ein forskriftsheimel i vallova om kva for kommunar som skal inngå i valdistrikta. Fylkeskommunen uttrykkjer uro over at ein i forskrift skal kunne endre valdistrikta.

Departementet understrekar at spørsmålet om kva for kommunar som skal inngå i dei ulike valdistrikta, er eintydig definert. Forskrifta skal berre namngi kva for kommunar som høyrer til i dei ulike valdistrikta, basert på allereie kjend tilhørsle. Grunnen til at det ikkje blir gjort no, er at ikkje alle nye kommunenamn er fastsette. Kommunar som er vedtekne slått saman på tvers av fylkesgrenser, eller som er påverka av grensejusteringar på tvers av fylkesgrenser, har fått tilhørsle til valdistrikt avklart i stortingsvedtaket. Kommunar som ikkje er påverka av denne pro-

sessen, vil høyre til valdistriktet som tilsvare fylket deira.

Departementet viser til høyringsfråsegna frå *Trøndelag fylkeskommune*, som meiner at Trøndelag må utgjere eitt valdistrikt i 2021. Departementet viser òg til grunnlovsforslaget om å redusere talet på valdistrikt til 18 for at Trøndelag skal utgjere eitt valdistrikt i 2021. Departementet har forståing for at situasjonen er noko annleis for Trøndelag samanlikna med andre fylke, sidan denne samanslåinga allereie er sett i verk. Det er departementets oppfatning at det ikkje bør gjerast endringar i Grunnlova utan nærmare utgreiing. Departementet meiner framleis det er uheldig å endre Grunnlova på bakgrunn av at samanslåinga av Trøndelag har skjedd to år tidlegare enn dei andre fylkessamanslåingane. Valdistrikt bør greiast ut som ei heilskapleg problemstilling der ein ser heile landet under eitt, og det bør ikkje gjerast mellombelse grunnlovsendringar. Det oppdraget ligg i mandatet til vallovutvalet. Dersom talet på valdistrikt skal reduserast, er det Stortinget som må vedta endringar i Grunnlova. Departementet ønskjer å sikre ein trygg og føreseieleg prosess og fremmar derfor endringar som gjer at stortingsvalet i 2021 kan gjennomførast utan grunnlovsendringar.

Departementet er einig med *Valdirektoratet* i at endringane medfører eit behov for kommunikasjon og opplæring frå valstyresmaktene, og vil sørje for at partia får god informasjon om konsekvensane av endringane. Departementet vil i samarbeid med Valdirektoratet sørje for informasjon og opplæring av valstyresmakter og veljarar.

Departementet viser til høyringsfråsegna frå *Røyken kommune* og understrekar at kommunar som slår seg saman på tvers av fylke, slik situasjonen er med for eksempel Asker (Akershus), Røyken (Buskerud) og Hurum (Buskerud), vil høyre til same valdistrikt ved stortingsvalet i 2021. Dette blei avklart i Stortingets vedtak om justering av fylkesgrenser som blei gjort den 8. juni 2017. Det heiter for eksempel i vedtaket om samanslåing av Asker, Hurum og Røyken kommunar at:

Fylkesgrensen mellom Akershus og Buskerud justeres slik at den nye kommunen blir en del av Akershus fylke.

Departementet held fast på alle forslaga til endringar som blei sende på høyring. På bakgrunn av høyringsinnspela frå *Kartverket* har departementet endra utforminga av forslaget til endring av vallova § 11-1 første ledd.

### 3.5.2 Rett til å stille liste og krav til underskrifter

Det er ingen av høyringsinstansane som har uttalt seg om dette temaet. Departementet held fast på det vesentlege i forslaga sine, men vil her utdjupe kva innverknad endringane vil ha ved høvesvis kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 og stortingsvalet i 2021.

#### *Kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019*

For kommunar og fylke som er omfatta av grenseendringar, skal valet gjennomførast som om grenseendringane har skjedd. Det vil seie at to eller fleire samanslåtte kommunar skal velje eit nytt felles kommunestyre, og at to eller fleire samanslåtte fylke skal velje eit nytt felles fylkesting.

Når det gjeld retten til å stille liste etter forenkla regelverk, knyter kravet seg til kor mange stemmer lista fekk ved førre stortingsval. Departementet foreslår endringar i vallova § 6-3 første ledd om talet på underskrifter på listeforslaget, slik at kravet til stemmer ved førre stortingsval skal vere knytt til *valdistrikt* i staden for til fylke slik som i dag. Etersom det i 2019 vil vere stortingsvalet i 2017 som avgjer dette, vil ikkje endringa av ordlyd ha nokon innverknad, ettersom fylka og valdistrikta var samanfallande i 2017.

Departementet foreslo i høyringsnotatet at vallova § 6-3 første ledd skal endrast til at listeforslaget kan skrivast under av minst to av styremedlemmene i partiets lokalavdeling i valdistriktet det gjeld. Etter nærmare vurdering ønskjer departementet å endre denne føresegna til at listeforslaget kan skrivast under av minst to *styremedlemmer i lokalavdelinga med ansvar for valdistriktet* lista gjeld, og i eit eige punktum halde på kravet om at underskrivarane må ha stemmerett i dette valdistriktet. Departementet meiner at reglane om listeforslag i vallova ikkje bør leggje føringar på korleis partia organiserer seg. Departementet meiner at prinsippet om lokal forankring framleis må sikrast gjennom krav om at underskrivarane må ha stemmerett i gjeldande valdistrikt. Dette inneber at det ikkje lenger vil vere eintydig kva for del av partiorganisasjonen som kan stille lister på høvesvis fylkesnivå og i stortingsdistrikt. Departementet meiner dette kjem tydelegare fram i nytt for-

slag til lovtekst. Departementet foreslår derfor ei endring frå forslaget som blei presentert i høyringsnotatet.

Departementet held fast på forslaget om å flytte føresegna i valforskrifta § 16 om kven som avklarar kven som har rett til å representere eit parti lokalt, til vallova. Det blir dermed tydeleg at dersom det er tvil om kven som har rett til å representere eit politisk parti lokalt, er det leiaren av partiets utøvande organ som avgjer saka.

#### *Stortingsvalet i 2021*

Dersom stortingsvalet i 2021 skal gjennomførast med dagens 19 valdistrikt, vil det få konsekvensar for partia og innlevering av listeforslag. Verken vallova eller partilova har reglar for korleis partia skal organisere nominasjonsprosessen, eller korleis dei organiserer seg. Endringa foreslått i vallova § 6-3 som det er gjort greie for ovanfor, gir partia meir fleksibilitet i korleis dei organiserer seg. Forslaget inneber at anten eit lokalt lag i valdistriktet (tilsvarande dagens fylkeslag) eller eit nytt samanslått fylkeslag kan skrive under listeforslag til stortingsvalet i 2021. Dette vil kunne variere mellom partia. Departementet ser at det er viktig å gi både partia og fylkeskommunane som behandlar listeforslag, god opplæring i regelverket. Ein konsekvens av å gi partia meir fleksibilitet er at det kan vere fleire ulike lokallag som ønskjer å levere listeforslag i same valdistrikt ved stortingsvalet i 2021.

For å sikre kravet til lokal forankring må dei som skriv under, ha stemmerett i valdistriktet. Det vil seie at dersom eit parti med fylkeslag i for eksempel Viken skal fremme listeforslag i valdistrikta Østfold, Akershus og Buskerud ved stortingsvalet i 2021, kan ikkje dei same styremedlemmene skrive under på alle tre listeforslaga.

Som nemnt i høyringsnotatet meiner departementet at føresegna om kven som har rett til å representere eit registrert politisk parti på lokalt nivå, er av ein slik karakter at ho bør løftast til vallova. Ingen av høyringsinstansane hadde kommentarar til dette forslaget. Departementet foreslår derfor å ta inn denne føresegna i vallova kapittel 6 om korleis valstyresmaktene behandlar listeforslag. Tilsvarande føresegn i valforskrifta § 16 vil da bli oppheva.

## 4 Evaluering av stortingsvalet 2017

### 4.1 Innleiing

Departementet har fått gjennomført ei ekstern evaluering av Valdirektoratets tenester til kommunar og fylkeskommunar. Evalueringa er gjennomført av ideas2evidence, og ho blir presentert i kapittel 4.9.

Valdirektoratet har evaluert stortingsvalet i valg gjennomføringsundersøkinga 2017. Valansvarlege i kommunar og fylkeskommunar fekk spørsmål om Valdirektoratets tenester og valg gjennomføringa. Spørsmåla handla blant anna om opplæring og brukarstøtte, vallokale og tilgjenge, valkort og stemmesetlar, bruk av EVA og tryggleik og beredskap. Kommunane og fylkeskommunane blei òg bedt om å melde tilbake om eventuelle andre forhold som kan gjere valg gjennomføringa betre.

I Innst. 1 S (2017–2018) uttaler Stortingets fullmaktskomité på bakgrunn av kontrollen av valet at heilskapsinntrykket er at valet er gjennomført på ein god og effektiv måte i kommunane, og at fylkesvalstyra har gjort ein grundig kontroll med valstyra. Merknadene frå komiteen er omtalte nedanfor der det er relevant.

### 4.2 Statistikk

#### 4.2.1 Valdeltaking

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at valdeltakinga ved stortingsvalet i 2017 var på 78,2 prosent og lik valdeltakinga ved førre stortingsval i 2013. Valdeltakinga har auka med 1,8 prosenteningar sidan stortingsvalet i 2009. Valdeltakinga blant kvinner var 3 prosenteningar høgare enn blant menn. Valdeltakinga var høgast blant veljarar med høgare utdanning, med 89,6 prosent, og lågast blant veljarar med grunnskuleutdanning,

med 64,6 prosent. Valdeltakinga var høgast i Akershus fylke, med 81,2 prosent, og lågast i Finnmark fylke med 72,6 prosent (sjå [www.valgresultat.no](http://www.valgresultat.no)).

#### 4.2.2 Valdeltaking etter alder

Frå 2013 til 2017 har valdeltakinga auka blant førstegongsveljarar. I aldersgruppa 18–19 år brukte 72,7 prosent stemmeretten sin. Det er ein auke med 2,3 prosenteningar samanlikna med førre stortingsval i 2013. I dei eldste aldersgruppene er det ein svak nedgang i valdeltakinga. Kvinner har like høg eller høgare valdeltaking enn menn i alle aldersgrupper med unntak av i gruppa 80 år eller eldre, der forskjellen er 12,7 prosenteningar. Ved stortingsvalet i 2013 var valdeltakinga blant kvinner og menn i denne gruppa tilnærma lik. Valdeltakinga blant kvinner på 80 år eller eldre har gått ned med 3,8 prosenteningar samanlikna med stortingsvalet i 2013 og valdeltakinga blant menn i same gruppe har stige med 8,8 prosenteningar sidan stortingsvalet i 2013.

#### 4.2.3 Valdeltaking blant innvandrarar

Ifølgje tall frå Statistisk sentralbyrå deltok 55 prosent av norske statsborgarar med innvandrarbakgrunn, det vil seie innvandrarar og personar fødde i Noreg med innvandrarforeldre, ved stortingsvalet i 2017. Det er ein svak auke frå valdeltakinga ved førre stortingsval i 2013. Valdeltakinga blant innvandrarar er 23,2 prosenteningar lågare enn den generelle valdeltakinga blant innbyggjarane. Ved stortingsvalet i 2017 var 6 prosent av dei stemmeføre innvandrarar. Personar fødde i Noreg med innvandrarforeldre utgjorde om lag 1 prosent av dei stemmeføre. Desse personane har i hovudsak bakgrunn frå land i Asia og Afrika, som Pakistan,

Tabell 4.1 Valdeltaking ved stortingsval 2005–2017

Valår	2005	2009	2013	2017
Valdeltaking i prosent	77,4	76,4	78,2	78,2

Kjelde: SSB



Tabell 4.2 Valdeltaking etter alder 2009, 2013 og 2017

Valår	2009	2013	2017
I alt	76,4	78,2	78,2
18–19 år	62,2	70,4	72,7
20–24 år	53,0	63,0	64,3
25–44 år	75,6	75,6	74,3
45–66 år	82,7	82,8	83,6
67–79 år	82,9	87,6	85,9
80 år eller eldre	..	70,7	69,1

Kjelde: SSB

Vietnam, Tyrkia, Sri Lanka og Marokko, og dei er unge. Blant norskfødde med innvandrarforeldre frå Afrika, Asia etc. auka ifølgje tall frå SSB valdeltakinga i 2017 med 5 prosenteningar samanlikna med stortingsvalet i 2013, frå 49 til 54 prosent.

Valdeltakinga varierer etter landbakgrunn. Valdeltakinga er høgast blant innvandrara frå Vest-Afrika etc. Dei fleste innvandrara med stemmerett er frå Afrika eller Asia, spesielt mange er frå Pakistan, Irak, Vietnam og Somalia. Av dei 15 største landa har Sri Lanka høgast valdeltaking (63 prosent) og Kosovo lågast (36 prosent). Samanlikna med stortingsvalet i 2013 er det størst auke i valdeltakinga hos personar med landbakgrunn frå Irak, Iran og Afghanistan.

Valdeltakinga blant innvandrara etter kjønn varierer med landbakgrunn. Valdeltakinga er 6 prosenteningar høgare for menn med innvandrarbakgrunn frå Sri Lanka enn for kvinner med same bakgrunn. Mannlege veljarar med innvandrarbakgrunn frå Pakistan, Tyrkia og Afghanistan stemmer også i noko større grad enn kvinnelege veljarar med same bakgrunn. Når det gjeld veljarar med bakgrunn frå Filippinane, Thailand og Russland, stemmer kvinnene i mykje større grad enn mennene. Valdeltakinga for mannlege veljarar med landbakgrunn frå Russland var 38 prosent, mens valdeltakinga for kvinnelege veljarar med same landbakgrunn var 55 prosent.

#### 4.2.4 Mottekne stemmer

Utviklinga i talet på førehandsstemmer og talet på valtingsstemmer ved dei fire siste stortingsvala er vist i tabellen under.

Ved stortingsvalet i 2017 blei det igjen sett ny rekord for talet på mottekne førehandsstemmer, da talet på førehandsstemmer for første gong kom over éin million. 36,1 prosent av alle godkjende stemmer blei gitt som førehandsstemmer. Det er ein auke på 5,9 prosenteningar samanlikna med førre stortingsval i 2013 og ein auke på 11,7 prosenteningar samanlikna med stortingsvalet i 2009.

Ved valet i 2017 var det opna for tidlegstemming i perioden frå 1. juli til og med 9. august, før den ordinære førehandsstemmeperioden tok til. I denne perioden har ikkje kommunane ei like omfattande plikt til å leggje til rette. 12 582 førehandsstemmer blei gitt i denne perioden. Ordninga med tidlegstemmegiving blei innført ved stortingsvalet i 2009, og det blei da gitt ca. 6 500 tidlegstemmer. I 2013 var det ein stor auke tidlegstemmer, og det blei registrert 14 604 førehandsstemmer i denne perioden. Det var altså ein liten nedgang i talet på tidlegstemmer ved stortingsvalet i 2017 samanlikna med stortingsvalet i 2013.

Tabell 4.3 Valdeltaking blant innvandrara med norsk statsborgarskap

Valår	2005	2009	2013	2017
Valdeltaking i prosent	53	52	53	55

Kjelde: SSB

Tabell 4.4 Godkjente stemmer totalt, gitt på valting og ved førehandsstemming 2005–2017

Valår	2005	2009	2013	2017
Godkjende stemmer	2 638 263	2 682 904	2 836 029	2 926 836
Valtingsstemmer	2 165 612	2 028 965	1 980 774	1 863 159
Førehandsstemmer	472 651	653 939	855 255	1 063 677
Førehandsstemmer i prosent av godkjende stemmer totalt	17,9	24,4	30,2	36,1

Kjelde: SSB

#### 4.2.5 Stemmegiving utanriks

Veljarar som oppheld seg i utlandet, må gi førehandsstemme. Førehandsstemmegivinga utanriks tek til 1. juli og varer til og med nest siste fredagen før valdagen, jf. vallova § 8-1 andre ledd. Veljaren må sjølv sørge for å stemme så tidleg at stemmegivinga når fram til valstyret innan klokka 17 dagen etter valdagen. Dersom veljaren ikkje har høve til å oppsøkje ein stemmemottakar, kan han eller ho stemme ved brevpost, jf. vallova § 8-2 fjerde ledd.

Det blei gitt 11 049 førehandsstemmer til stemmemottakarar utanriks ved stortingsvalet i 2017. Det blei gitt 762 brevstemmer.

Stortingets fullmaktskomité kommenterer i Innst. 1 (2017–2018) at nokre valstyre har forkasta førehandsstemmegivingar frå utlandet med grunngeving i vallova § 10-1 første ledd bokstav c, som handlar om at førehandsstemmegivinga ikkje er *gitt til rett tid*. Komiteen meiner derfor det bør vurderast om ikkje alle utanriks stemmegivingar som kjem inn til valstyret i den rette kommunen innan fristen klokka 17 dagen etter valdagen, bør kunne godkjennast, uavhengig av når stemmegivinga er send, såframt andre vilkår er oppfylte.

Departementet understrekar at det ikkje er når stemmegivinga er send, som er avgjerande for om ei førehandsstemmegiving skal godkjennast eller ikkje. Etter vallova § 10-1 første ledd bokstav c er eit kriterium i prøvinga av førehandsstemmegivingar at dei skal vere *gitt til rett tid*. For utanriks stemmegiving er fristen for å stemme nest

siste fredag før valdagen. Utanriksstasjonar og tilsvarende kan altså ikkje ta imot førehandsstemmegivingar etter denne fristen, men dei kan framleis sende dei vidare i den siste veka før valdagen. Departementet har gjennomgått møtebøkene for valet og ser at det er få stemmegivingar som er forkasta på dette grunnlaget. Departementet meiner det er viktig å ha ein frist for når veljarar i utlandet kan stemme, for å sikre at desse stemmegivingane kjem fram tidsnok til å bli med i valoppgeret. Derfor oppfordrar departementet stemmemottakarar utanriks til å sende vidare førehandsstemmegivingane til heimkommunen til veljaren etter kvart som dei mottek dei, utan at departementet ønskjer å fastsetje nærmare instruks for dette.

#### 4.2.6 Forkasta stemmegivingar og stemmesetlar

Vallova kapittel 10 har reglar om godkjenning av stemmegivingar og stemmesetlar. Til saman blei det registrert 2 926 836 godkjende stemmegivingar ved stortingsvalet i 2017. 5061 stemmegivingar blei forkasta, 821 førehandsstemmer og 4240 gitt på valtinget. Hovudårsakene til at stemmegivingar blir forkasta, er at veljaren ikkje er ført opp i manntalet i kommunen. Talet på forkasta stemmegivingar var i 2013 4 494, mens det i 2009 var 2 064.

Det blei forkasta til saman 5179 stemmesetlar ved stortingsvalet i 2017. Til samanlikning var talet på forkasta stemmesetlar ved førre stortings-

Tabell 4.5 Oversikt over godkjende og forkasta stemmegivingar ved stortingsvalet i 2017

	Førehand	Valting	Totalt
Godkjende stemmegivingar	1 070 063	1 874 348	2 944 411
Forkasta stemmegivingar	821	4240	5061

Kjelde: Valdirektoratet

Tabell 4.6 Oversikt over forkastingsgrunnar ved stortingsvalet i 2017

Forkastingsgrunnar	Førehand	Valting
Veljaren er ikkje innskripen i manntalet i kommunen, jf. § 10-1 (1) a	302	
Stemmegevinga inneheld ikkje tilstrekkelege opplysningar til å slå fast kven veljaren er, jf. § 10-1 (1) b	11	
Stemmegevinga er ikkje gitt til rett tid, jf. § 10-1 (1) c	69	
Partiet/gruppa stiller ikkje liste, jf. § 10-3 (1) d	9	
Omslagskonvolutten er opna eller prøvd opna, jf. § 10-1 (1) e	3	
Veljaren har allereie gitt godkjend stemmegeving, jf. § 10-1 (1) f	93	
Stemmegevinga er ikkje kommen inn til valstyret innan kl. 17 dagen etter valdagen, jf. § 10-1 (1) g	318	
Veljaren er ikkje innskripen i manntalet i kommunen, jf. § 10-1 a (1) a	7	
Veljaren har allereie gitt godkjend stemmegeving, jf. § 10-1 a (1) c	9	
Veljaren er ikkje ført inn i manntalet i kommunen, jf. § 10-2 (1) a		4 089
Veljaren har allereie gitt godkjend stemmegeving, jf. § 10-2 (1) c		151

Kjelde: Valdirektoratet

Tabell 4.7 Oversikt over godkjende og forkasta stemmesetlar ved stortingsvalet i 2017

Godkjende og forkasta stemmesetlar	Førehand	Valting	Totalt
Godkjende stemmesetlar	1 063 677	1 863 159	2 926 836
Forkasta stemmesetlar	3 025	2 154	5 179

Kjelde: Valdirektoratet

Tabell 4.8 Oversikt over forkastingsgrunnar ved stortingsvalet i 2017

Forkastingsgrunner	Førehand	Valting
Stemmesetelen manglar offentleg stempel, jf. § 10-3 (1) a	2 420	2 107
Det går ikkje fram kva for val stemmesetelen gjeld, jf. § 10-3 (1) c	20	4
Det går ikkje fram kva for liste veljaren har stemt på	235	14
Partiet/gruppa stiller ikkje liste, jf. § 10-3 (1) d	350	29

Kjelde: Valdirektoratet

val i 2013 3 255. Det blei forkasta tilnærma like mange stemmesetlar i førehandsstemmegevingsperioden (1 625) som på valtinget (1 630). Det var ein auke i prosentdelen forkasta stemmesetlar ved stortingsvalet i 2017 på 0,06 prosenteningar samanlikna med stortingsvalet i 2013. I 2009 blei det forkasta 2064 stemmesetlar.

Dei fleste av stemmesetlane som blei forkasta, mangla gyldig stempel, jf. tabell 4.8. Også ved stortingsvalet i 2013 var dette den vanlegaste forkastingsgrunnen. Kravet om stempling av stemmesetelen ved førehandsstemmegeving blei innført ved stortingsvalet i 2013 som følgje av at omslagskonvolutten blei fjerna.

Ved stortingsvalet i 2017 blei det forkasta fleire stemmesetlar i førehandsstemmegivingsperioden enn på valtinget. Fordelingsmønsteret er annleis enn ved tidlegare val. I 2013 blei det forkasta tilnærma like mange stemmesetlar frå førehandsstemmegivingsperioden som på valtinget, mens det i 2009 blei forkasta flest stemmesetlar på valtinget.

Stortingets fullmaktskomité gir i Innst. 1 S (2017–2018) punkt 8.4 uttrykk for at det er urovekkjande at talet på forkasta stemmegivingar og stemmesetlar har auka ved valet i 2017. Komiteen meiner det er viktig å setje inn målretta tiltak for å hindre unødvendige årsaker til forkastinga, uavhengig av om dei kjem av feil som veljaren eller valfunksjonæren har gjort, eller har andre årsaker. Departementet er einig i at dette er noko ein bør sjå på, men understrekar at det i ein del tilfelle er nødvendig å forkaste. Dette er eit viktig tema som inngår i opplæringa av kommunane. Departementet vil sjå på ulike årsaker til at stemmer blir forkasta, og vurdere tiltak på bakgrunn av dette.

#### 4.2.7 For seint innkomne stemmegivingar

Førehandsstemmer må ha komme inn til valstyret innan klokka 17 dagen etter valdagen for at stemmegivinga skal godkjennast, jf. vallova § 10-1 første ledd bokstav g. Stemmer som kjem inn etter dette tidspunktet, blir forkasta. Ved valet i 2017 blei 318 førehandsstemmegivingar forkasta av denne årsaka. Fristen blei forskuva til klokka 17 dagen etter valet ved ei lovendring i 2016. Før dette måtte førehandsstemmegivingane ha komme inn til valstyret innan klokken 21 på valdagen. Endringa blei gjord for å hindre at talet på for seint innkomne førehandsstemmer auka som følgje av at post ikkje lenger blir levert på laurdagar.

Valdirektoratet gjennomførte ei undersøking i kommunane for å kartleggje kor mange førehandsstemmer som er mottekne etter at fristen gjekk ut. 355 kommunar svarte på undersøkinga. Desse kommunane rapporterte inn totalt 1 051 førehandsstemmer som er mottekne for seint til å komme med i valoppgjeret. Dette er ein nedgang frå 0,19 til 0,11 prosent, samanlikna med tilsvarande undersøking gjord i etterkant av valet i 2013.

Departementet registrerer at det er ein nedgang i talet på for seint innkomne førehandsstemmer. Tiltaka som er sette i verk, med tydelegare rutinar for sending av førehandsstemmer, seinare frist for godkjenning av stemmegivingar og opplæring og informasjon til kommunar om nøyaktig adressering og bruk av alternative sendemåtar, ser ut til å ha verka. Det er likevel uholdbart at feil eller slurv hos valmedarbeidarar fører til at stem-

mer blir forkasta. Departementet vil framleis følgje opp problemstillinga i samarbeid med både Posten og Valdirektoratet fram mot valet i 2019.

#### 4.2.8 Blanke stemmer

Det blei registrert 18 516 blanke stemmesetlar ved stortingsvalet 2017. Av desse blei 5864 gitt under førehandsstemmegivinga og 12 652 på valtinget. Dette er ein auke frå 2013 og 2009, da det blei registrert høvesvis 12 874 og 11 684 blanke stemmesetlar.

Komiteen viser til informasjon frå fylkesvalstyra som tyder på at det kan bli mange blanke stemmesetlar fordi ein del veljarar legg ein eigen stemmesetel som eit slags omslag rundt den eigentlege stemmesetelen. Dette fører til at den yste stemmesetelen blir stempla, og den inste blir forkasta på grunn av manglande stempel. Rutinane for stemmegiving etter vallova inneber at valfunksjonæren i utgangspunktet ikkje skal halde i stemmesetelen til veljaren. Det kan derfor vere vanskeleg for ein valfunksjonær å oppdage at veljaren har teke to stemmesetlar. Dette kan òg vere ei forklaring på at det i nokre kommunar er komme inn fleire stemmesetlar enn det er kryss i manntalet. Departementet vil følgje opp problemstillinga framfor neste val, særleg med tanke på å gi meir informasjon i sjølve vallokalet.

### 4.3 Elektronisk avkryssing i manntal på valdagen

Departementet fremma i Prop. 73 L (2015–2016) forslag om å innføre elektronisk avkryssing i manntal på valdagen som ei permanent frivillig ordning for alle kommunar. Stortinget vedtok lovforslaget, og ved stortingsvalet i 2017 var det 255 kommunar som tok i bruk ordninga med elektronisk avkryssing i manntal på valdagen.

Stortingets fullmaktskomité bad i Innst. 1 S (2017–2018) regjeringa vurdere kva som kan gjerast for å få alle kommunar til å nytte elektronisk manntal også på valtinget.

Valdirektoratets valgjenomføringsundersøking viser at halvparten av kommunane som ikkje tok i bruk ordninga med elektronisk avkryssing i manntal, viste til manglande internettillgang i vallokala som årsak til dette.

Departementet meiner det er viktig at kommunane sjølv avgjer om dei ønskjer å ta i bruk ordninga med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. Eit av krava til kommunane som ønskjer å nytte elektronisk avkryssing, er at ordninga må

brukas i alle vallokala i kommunen. Det er for eksempel ikkje mogleg å ha elektronisk avkryssing i det største vallokalet og bruke papirmanntal i dei andre. Kommunar som vil ta i bruk elektronisk avkryssing må derfor ha eigna lokale med nettilgang og god redundans. Det gjer det relativt ressurskrevjande å nytte ordninga, både i form av investeringar i datautstyr og behov for tilsette med IT-kompetanse. Nokre kommunar har i tillegg stemmekrinsar med svært få stemmeføre, der det vil vere lite føremålstenleg å setje opp utstyr for elektronisk avkryssing. Det er også kommunar som har vallokale utan eller med ustabil nettilgang, noko som vil kunne føre til at dei i alle høve må gå over til beredskapsprosedyre med papirmanntal.

#### 4.4 Manuell førebels oppteljing

Den 31. august 2017 fastsette departementet ei ny forskrift om oppteljing av stemmesetlar ved valet i 2017. Forskrifta gjaldt alle kommunar ved stortingsvalet, og i tillegg ved kommunestyrevalet i Tjøme og Nøtterøy kommunar. Forskrifta inneheldt ei føresegn om at kommunane måtte gjere den førebelse teljinga av stemmesetlar manuelt, både for stemmesetlar gitt på førehand og for stemmesetlar gitt på valtinget. Føresegna blei innført som eit ekstra sikringstiltak ved valgjennomføringa.

Innføringa av denne føresegna innebar at ei rekkje kommunar måtte endre rutine sine kort tid før valdagen. Dette førte til meirarbeid for fleire kommunar, og departementet har stor forståing for at kommunane opplevde det som utfordrande å måtte gjere endringar i rutinar og organisering så kort tid før valdagen.

Den eksterne evalueringa viser at kommunane i all hovudsak hadde forståing for kravet om manuell teljing. Dei fleste kommunane melder òg at når avgjerda først var teken, var dei nøgde med informasjonen dei fekk frå Valdirektoratet i etterkant. Det var stor mediemerksemd på tryggleik i oppteljinga, og evalueringa viser at endringa gav arbeidsro, ikkje berre sentralt, men òg for kommunane.

Departementet opplevde at kommunane gjennomførte den nye rutinen på ein svært tilfredsstillande måte, og det blei ingen forseinkingar i valresultatet som følgje av at stemmesetlane blei talde manuelt.

Departementet har etter valet dekt ekstrakostnadene som kommunane blei påførte som følgje av den nye rutinen.

Det vil måtte leggjast stor vekt på tryggleiken ved gjennomføringa av val også i framtida. For at borgarane framleis skal ha tillit til valet, er det samtidig avgjerande at styresmaktene gir innsyn i korleis valet blir gjennomført. Forskrifta gjaldt berre valet i 2017, og dersom krav til manuell førebels teljing skal først vidare på permanent basis, må det gjerast endring i lovverket. Departementet vil vurdere korleis tryggleiken og tilliten til oppteljinga kan sikrast også ved framtidige val.

#### 4.5 Valprotokollar

Vallova § 10-7 slår fast at stemmestyret, valstyret og fylkesvalstyret skal føre protokoll i samband med valgjennomføringa. Stortingets fullmaktskomité kommenterte i Innst. 1 S (2017–2018) at rapporteringa frå fylkesvalstyra i del 1 av møteboka er lagd opp svært ulikt hos dei einssilde fylkesvalstyra. Komiteen oppmodar departementet om å vurdere korleis rapporteringa kan forbeholdt mellom anna ut frå dei behova Stortinget har for kontroll. Komiteen viser òg til at sekretariata i fylkesvalstyra må få god rettleiing om kva for informasjon del 1 av møteboka bør innehalde. Departementet er einig med komiteen i at det er ei utfordring at fylkesvalstyra i varierende grad bruker del 1 av møteboka til forklaringar på avvik i valoppgeret.

Valdirektoratets valgjennomføringsundersøking viser at fylkesvalstyra i svært varierende grad opplever utfyllinga av møtebøker som utfordrande. Merknaden gjeld kontrollering av møtebøker ved stortingsval, men departementet meiner god og ryddig protokollering er viktig for alle val. Departementet viser til at Valdirektoratet har fått delegert mynde til å fastsetje møtebøkene som valstyresmaktene bruker (<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2017-01-23-79>). Departementet vil sørgje for at problemstillinga blir følgd opp framfor lokalvalet i 2019 og stortingsvalet i 2021.

#### 4.6 Klager

Alle med stemmerett har etter vallova § 13-1 første ledd rett til å klage på forhold i samband med førebuinga og gjennomføringa av valet.

Stortinget er ifølgje vallova § 13-1 fjerde ledd klageinstans «for klager som gjelder stemmerett eller retten til å avgi stemme». Riksvalstyret skal uttale seg om klagen til Stortinget. Riksvalstyret er klageinstans for klager som gjeld andre for-

hold. Kommunal- og moderniseringsdepartementet er sekretariat for Riksvalstyret.

Det kom inn 34 klager ved stortingsvalet i 2017. I 2013 kom det inn 16 klager, og i 2009 kom det inn tre klager. Klagene i 2017 gjaldt blant anna godkjenning av listeforslag, klagerett ved førehandsstemmegiving, valagitasjon og retten til assistert stemmegiving. Riksvalstyret fann at det i somme kommunar blei gjort feil ved gjennomføringa av stemmegivinga, men at ingen av desse feila hadde innverknad på mandatfordelinga. Riksvalstyret sa seg einig med departementet i at det er svært uheldig at fleire veljarar med særlege behov blei nekta å ha med ein ekstra hjelpar inn i valavlukket, noko dei har krav på etter vallova. Ingen av desse feila hadde konsekvensar for utfallet av valet, derfor blei ingen av klagene tekne til følgje.

I valgjenomføringsundersøkinga melder fleirtalet av kommunane at dei synest dei har nok kunnskap om behandling av klager på valgjenomføringa. Blant dei 69 kommunane som meiner at dei ikkje har nok kunnskap om klagebehandling ved val, trekkjer fleire fram at det trengst meir detaljert opplæring i dette. Ved kvart val er det eit fåtal kommunar som kjem borti behandling av klager, og fleire kommunar er usikre på kor godt førebudde dei ville vere på dette.

Departementet har merka seg ein del avvik i behandlinga av klagene og vil følgje opp dette ved å sørgje for betre opplæring til kommunar og fylkeskommunar i rutinar for klagebehandling og kor viktig det er å følgje desse.

## 4.7 Informasjon til veljarane

### 4.7.1 Generell informasjon

Både departementet, Valdirektoratet, fylkeskommunane og kommunane har eit informasjonsansvar på valområdet. Departementet har det overordna ansvaret for valgjenomføringa og informasjon og rettleiing om regelverket og valordninga. Valdirektoratet har ansvaret for informasjon ut mot veljarane om gjennomføringa av val. Fylkeskommunane handterer listeforslag ved stortingsval og er ansvarlege for informasjon knytt til dette. Kommunane har ansvar for å leggje til rette for stemmegiving og informere om tid og stad for stemmegivinga. Nettstaden [www.valg.no](http://www.valg.no) var ein viktig kanal for offentleg valinformasjon.

Valdirektoratet løyvde tilskot på til saman 5,2 millionar kroner til ulike organisasjonar som ville medverke til å auke kunnskapen om valet eller auke valdeltakinga. Alt i alt fekk 15 organisasjonar

tilskot til å gjennomføre ulike informasjonstiltak ved valet 2017. Blant tiltaka som har fått støtte, er teikneseriar for ungdom, kurs i valteknikk og valtreningslokale, SMS-varsling som informasjonskanal, videopublisering, nett-tv, «Valomat» på YouTube og informasjonsbrosjyre med punkt-skrift. Målgruppene var for dei fleste tiltaka ungdom eller innvandrarakar.

SMS-varsling til tilfeldige veljarar og brev til veljarar med innvandrarakgrunn blei nytta som tiltak for å auke valdeltakinga ved stortingsvalet i 2017. Til saman 200 000 tilfeldige veljarar fekk den siste veka før valet SMS-meldingar der dei blei minte på valet og oppfordra til å bruke stemmeretten. Valdirektoratet sende i tillegg brev med ein tilsvarande bodskap til 36 500 tilfeldig utvalde veljarar med innvandrarakgrunn. Prosjektet blei gjennomført av Institutt for samfunnsforskning på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Rapporten frå dette prosjektet vil liggje føre våren 2018. SMS-varsling og brev til veljarar blei òg testa ved valet i 2015. Undersøkinga viste at tiltak med SMS-meldingar til unge der dei blei oppfordra til å bruke stemmeretten, og brev som inneheldt praktisk stemmerettleiing til innvandrarakar, førte til auka valdeltaking.

### 4.7.2 Valkort

Etter vallova § 2-3 skal departementet sørgje for at det blir sendt ut valkort til alle stemmeføre som er innskrivne i manntalet i kommunen, med unntak av dei som er busette utanriks og på Svalbard og Jan Mayen. Denne mynda er delegert til Valdirektoratet. Valkortet skal blant anna opplyse om kva for kommune veljaren kan stemme i, og opningstider og adresse til vallokalet som veljaren høyrer til. I tillegg skal valkortet opplyse om at veljaren må vise legitimasjon for å stemme, og annan generell informasjon om valet. Det er ikkje nødvendig å ha med valkort for å stemme, men valkortet gir viktig informasjon om stemmegivinga for veljaren. I tillegg vil det i kommunar med elektronisk avkryssing i manntal vere tidssparande ved sjølve stemmegivinga om veljaren har med seg valkortet.

Valdirektoratets valgjenomføringsundersøking viser at tre firedelar av kommunane som svarte, opplyste at dei hadde fått førespurnader frå personar som ikkje hadde motteke valkort, med spørsmål om dei likevel kunne stemme.

Fullmaktskomiteen tek i Innst. 1 S (2016–2017) opp at mange veljarar trur dei ikkje kan stemme utan valkort. Komiteen meiner at anten må informasjonen betrast vesentleg, eller så må

ordninga med valkort endrast slik at ein unngår misforståingar.

Departementet viser til at det på sjølve valkortet er trykt ein tekst om at veljaren ikkje treng valkortet for å stemme. Truleg er det i hovudsak veljarar som av ulike årsaker ikkje har motteke valkortet, som trur dei må ha dette med for å stemme. Departementet understrekar at det er svært vanskeleg å sørgje for at kvar einaste veljar er fullt informert om alle stadium av valgjenninga. Det viktigaste er at veljarane som er usikre, får korrekt informasjon frå kommunen sin. Departementet vil følgje opp tilbakemeldinga frå komiteen og vurdere om det skal gjerast endringar i korleis valkortets funksjon blir kommunisert ut mot veljarane.

#### 4.7.3 Ekstraordinært val til kommunestyre i Færder kommune

Parallelt med stortingsvalet i 2017 blei det halde val til kommunestyre i nye Færder kommune. Bakgrunnen for valet var at Nøtterøy og Tjøme kommunar skulle slå seg saman til Færder kommune frå 1. januar 2018, og kommunane hadde vedteke at det nye kommunestyret skulle peikast ut ved ekstraordinært val til kommunestyre.

Departementet innleidde tidleg eit samarbeid med dei to kommunane, som òg fekk ekstra opplæring og oppfølging av Valdirektoratet. Sidan veljarar frå dei to kommunane kunne gi førehandsstemme til kommunestyrevalet i heile landet, blei det informert om valet på dei sentrale opplærings-samlingane og på [www.valg.no](http://www.valg.no).

Valgjenningundersøkinga viser at nesten alle kommunane som opplyste at dei tok imot stemmer til dette valet, meinte det var uproblematisk å finne informasjon om korleis dei skulle ta imot og sende vidare desse førehandsstemmene.

#### 4.7.4 Mandatfordeling og utrekning av utjamningsmandat

Stortingets fullmaktskomité peiker i Innst. 1 S (2017–2018) på at det er viktig med open informasjon om korleis mandatfordelinga blir rekna ut. Komiteen ber òg om at utrekninga av utjamningsmandat er tilgjengeleg på heimesidene til Valdirektoratet i tida fram til det endelege valoppgjeret er godkjent, slik at det heile tida er mogleg for allmenta å få innsyn i dette.

Departementet er einig i at det er viktig med informasjon om og innsikt i korleis mandata blir fordelte, både distriktsmandata og utjamningsmandata. Det er viktig at veljarane forstår korleis

stemma deira påverkar valresultatet. Det er kvart fylke som fordeler distriktsmandat i sitt fylke, mens det er riksstyret som fordeler utjamningsmandata. Informasjon om korleis utjamningsmandat blir rekna ut, er tilgjengeleg på nettsida [www.valg.no](http://www.valg.no). Departementet ser at det kan vere nødvendig å sjå på korleis informasjon om dette kan gjerast tydeleg framfor neste val.

Valdirektoratet har prognosar for valresultatet som omfattar både distriktsmandat og utjamningsmandat. Både prognosar og førebels valresultat blir lagde ut etter kvart frå klokka 21 på valnatta på ei eiga nettside, [www.valgresultat.no](http://www.valgresultat.no).

Utjamningsmandata kan ikkje fordelast før alle fylka er ferdige med sitt oppgjer. Sjølv om det normalt er ganske store marginar på kva for parti som får utjamningsmandat, kan det vere ganske små marginar som avgjer *i kva fylke* partiet får utjamningsmandat. Ved kvart stortingsval ser ein spekulasjonar rundt dette. Departementet meiner det er viktig at det ikkje blir gitt inntrykk av at utjamningsmandata er fordelte på parti, fylke og person, før den endelege fordelinga er gjord. Det er krevjande å formidle at eit førebels resultat kan bli endra utan at det ligg føre feil, og dette kan medverke til å skape uro rundt valresultatet. Departementet vil sjå nærmare på korleis det kan leggjast betre til rette for informasjon om fordelinga av utjamningsmandat utan å skape uro rundt valresultatet.

## 4.8 Tilgjenge

### 4.8.1 Organiseringa av vallokale

Ved norske val er perioden for stemmegiving lang. Ved valet i 2017 var det mogleg å tidlegstemme frå 1. juli. Den ordinære førehandsstemmeperioden varte frå 10. august til og med 8. september. Det er kommunane som har ansvaret for å leggje til rette for ei god gjennomføring av valet.

Det skal vere førehandsstemmegiving på helse- og sosialinstitusjonar og elles der valstyret har fastsett at ein skal ta imot førehandsstemmer, jf. vallova § 8-3 andre ledd. Det skal vere førehandsstemmegiving minst ein dag ved alle institusjonane, ettersom det ikkje er høve til å vedta at det berre skal haldast førehandsstemmegiving ved einskilde sosialinstitusjonar.

I Valdirektoratets valgjenningundersøking opplyste alle kommunar med eitt unntak at det var mogleg å førehandsstemme i kommunens egne lokale. 126 av kommunane opplyste at dei berre tilbød førehandsstemmegiving i egne lokale, mens dei andre opplyste at dei hadde til-

bod om stemmegeving i eigne lokale i kombinasjon med mellom anna kjøpesenter, butikk, fengsel, universitet, sjukeheim, vidaregåande skular og ambulerande stemmemottak.

Ein firedel av kommunane opplyste at dei hadde hatt kveldsopne lokale i delar av eller heile førehandsstemmegivingsperioden. 23 kommunar opplyste at dei hadde kveldsopne lokale heile den siste veka det var mogleg å førehandsstemme.

Dei fleste kommunane som ikkje hadde hatt kveldsopne førehandsstemmelokale, grunngav dette med at det ikkje har vore trong for det. Ein del kommunar viste til at veljaren kunne gjere avtale om oppmøtetidspunkt, at dei hadde hatt laurdagsopne som alternativ, eller at tidlegare erfaringar hadde vist at det ikkje var nødvendig. Det var berre to kommunar som viste til at kveldsopne lokale var for kostnadskrevjande. 38 kommunar opplyste at dei ikkje hadde vurdert kveldsopne lokale.

Vallova § 9-2 andre ledd fastset at kommunistyret kan vedta at det skal haldast val også søndag før valdagen. 173 kommunar hadde todagensval i 2017. Det var ein reduksjon samanlikna med stortingsvalet i 2013, da 196 kommunar hadde todagensval.

#### 4.8.2 Universell utforming

Vallova stiller krav om at stemmegivinga skal skje i eit eigna lokale som er lett tilgjengeleg, og der alle veljarane kan ta seg inn utan å be om hjelp. Andre lokale skal berre nyttast dersom det ligg føre «særlige grunner», jf. vallova §§ 8-3 første ledd og 9-3 andre ledd. Det skal vere godt tilgjenge for alle veljarar i vallokalet, og blinde og svaksynte skal kunne stemme utan å måtte be om hjelp, jf. valforskrifta § 26. Dersom ein veljar treng det, kan han eller ho be om hjelp frå ein valfunksjonær. Valfunksjonæra har teieplikt. Veljarar med alvorleg psykisk eller fysisk funksjonshemming kan i tillegg sjølv peike ut ein ekstra hjelpar blant dei som er til stades, jf. vallova § 8-3 åttende ledd og § 9-5 femte ledd.

Kommunane må i tillegg rette seg etter krava til tilgjenge i lov 16. juni 2017 nr. 51 om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven) og lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).

I Valdirektoratets valgjennomføringsundersøking opplyste 96 prosent av kommunane at dei før valet hadde vurdert kor eigna og tilgjengelege vallokala var. Dette er på same nivå som ved stortingsvalet i 2013. Fleire av dei 11 kommunane som ikkje hadde vurdert tilgjengen før valet, opplyste at

det ikkje hadde vore nødvendig med ei særskild evaluering.

Ein tilsvarande prosentdel av kommunane opplyste at alle faste lokale i førehandsstemmegivingsperioden og alle lokala på valdagen var tilgjengelege for alle veljargrupper, og at alle veljarar kunne ta seg inn utan hjelp. Prosentdelen av tilgjengelege faste lokale i førehandsstemmegivingsperioden var den same som ved stortingsvalet i 2013. Talet på tilgjengelege lokale på valdagen har auka med 10 prosenteningar samanlikna med stortingsvalet i 2013. Hovudårsaka til at eitt eller fleire lokale ikkje tilfredsstillar kravet til tilgjenge, er mangel på eigna lokale.

62 prosent av kommunane opplyste at dei hadde hatt veljarar med synshemming. Valhandinga blei gjennomført med assistanse frå valfunksjonær, sjølvvalt følgje eller ein kombinasjon av desse. Fleire av klagenesom kom inn ved stortingsvalet, gjaldt praktisering av føresegna om assistert stemmegiving.

Stortingets fullmaktskomité peiker i Innst. 1 S (2017–2018) på at lov 20. juni 2008 nr. 42 om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven) stiller krav til utforming av vallokala, og at valforskrifta stiller krav om godt tilgjenge, under dette at blinde og svaksynte kan stemme utan å måtte be om hjelp. Lova er oppheva og erstatta av likestillings- og diskrimineringslova frå 1. januar 2018. Komiteen viser til at valhandboka inneheld ei god utgreiing om korleis vallokala og stemmegivinga kan leggjast til rette for personar med nedsett funksjonsevne. Komiteen meiner vidare at det er viktig å ta i bruk teknologiske løysingar for å forenkle stemmegivinga for personar med nedsett funksjonsevne. Departementet understrekar at det er svært viktig at kommunane sikrar godt tilgjenge for alle grupper veljarar, og vil ha dialog med brukarorganisasjonane om moglege forbetringar innanfor rammene av dagens valgjennomføring.

## 4.9 Ekstern evaluering

### 4.9.1 Innleiing

Departementet har fått gjennomført ei ekstern evaluering av Valdirektoratets tenester til kommunar og fylkeskommunar. Evalueringa er med på å sikre god kvalitet på alle tenestene som direktoratet leverer. Evalueringa skal òg medverke til utvikling og forbetring av målstruktur og styringsparametrar for Valdirektoratet ved framtidige val. Oppdraget blei utført av ideas2evidence, og gjen-



nomført i perioden oktober 2017–februar 2018. Dei viktigaste funna frå evalueringa blir presentert i dette kapitlet, inkludert ein del tilrådingar til forbetring framfor valet i 2019.

Ideas2evidence gjennomførte ei spørjeundersøking som blei send til alle kommunar og fylkeskommunar. Svarprosenten var høg: 77 prosent av kommunane og 89 prosent av fylkeskommunane svarte. Ideas2evidence har òg hatt tilgang til data frå undersøkinga Valdirektoratet gjennomførte, og gjort nokre djupintervju i utvalde kommunar.

#### 4.9.2 Valadministrasjonssystemet EVA

Valadministrasjonssystemet EVA blir nytta av alle kommunar og fylkeskommunar i alle fasar av valgjennomføringa, frå registrering av listeforslag til valoppgjer og protokollering. Ideas2evidence gjennomførte ein brukartest («usability-analyse») av systemet for å evaluere kor funksjonelt og brukarvennleg systemet er sett frå ein brukarståstad. Brukartesten viste at systemet er godt utvikla, spesielt på kriteria om at systemet skal vere intuitivt og effektivt. Analysen gir systemet middels score når det gjeld å vere enkelt for brukarar som ikkje har sett brukargrensesnittet før. Hovudårsaka til dette er at hjelpeinformasjonen ligg i Valmedarbeidarportalen, ikkje i sjølve EVA. Eit tilrådd forbetringsspunkt frå analysen er å gjere forsida av EVA mindre statisk, for eksempel ved å vise statusinformasjon og nyheitsstraum her.

Evalueringa viser at dei valansvarlege i kommunar og fylkeskommunar jamt over er svært nøgde med systemet. Dei fleste er meir nøgde med systemet i 2017 enn dei var i 2015, og fleirtallet av respondentane er generelt einige om at systemet er blitt betre sidan førre val. Undersøkinga viser at kommunar og fylkeskommunar meiner EVA løyser valoppgåvene på ein presis, tillitvekkjande og sikker måte, og det blir opplyst at systemet fungerte utan nemneverdige problem under valet. Hovudinstrykket er at kommunane og fylkeskommunane totalt sett var like nøgde med systemet i 2017 som i 2015. Evalueringa viser òg at kommunestorleiken og kor mykje erfaring dei har med systemet, ikkje påverkar nemneverdig korleis dei vurderer funksjonaliteten og effektiviteten, eller kor stor tillit dei har til systemet. Samtidig uttrykkjer ein del kommunar og fylkeskommunar eit ønske om å bli meir involverte i vidareutviklinga av systemet.

Evalueringa viser at brukarane av EVA Skanning gir generelt svært gode vurderingar av kor brukarvennleg systemet er. Spesielt fylkeskommunar meiner systemet er intuitivt og lett å bruke,

og at Valdirektoratets opplæring i systemet er dekkjande. Nokre brukarar gav tilbakemelding om at det er tungvint å måtte logge seg på tre ulike program for å bruke EVA Skanning. Dette var òg ei tilbakemelding etter valet i 2015. Det blir trekt fram at det er rom for å forbetre visse kontrollfunksjonar og avviksmeldingar i EVA Skanning, og at dette bør prioriterast i vidareutviklingsarbeidet.

#### 4.9.3 Informasjon

Kommunar og fylkeskommunar gir i hovudsak positiv tilbakemelding om informasjonen dei fekk frå Valdirektoratet før og under valet.

Det blei i evalueringa frå 2015 trekt fram at Valmedarbeidarportalen fungerte godt, og at det ikkje bør gjerast omfattande endringar. Evalueringa frå 2017 viser at brukarane av Valmedarbeidarportalen synest han er presis og brukarvennleg, samtidig som mengda av informasjon òg kan verke noko overveldande. Portalen har stor nytteverdi for brukarane og er generelt positivt vurdert. På grunn av den store informasjonsmengda er konklusjonen at portalen med fordel kunne vore endå betre strukturert og organisert. Denne tilbakemeldinga blei òg gitt i 2015.

Brukarane er generelt nøgde med brukarrettleiingane til EVA Admin og EVA Skanning, sjølv om fylkeskommunane er mindre positive til sistnemnde enn kommunane. Evalueringa viser òg at det er ein del tilbakemeldingar om at informasjonen kan verke overveldande, særleg for brukarar med lite erfaring frå valgjennomføring.

Fylkeskommunane er noko kritiske til den jamlege informasjonen som blei gitt i samband med dei ekstra tryggingstiltaka framfor valet. Samtidig sette mange brukarar stor pris på at Valdirektoratet gjennomførte ringjerundar for å sikre at den mest tidskritiske informasjonen nådde fram til alle relevante mottakarar.

#### 4.9.4 Opplæring

Opplæringa var samansett av to modular med separate samlingar for kommunar og fylkeskommunar. Evalueringsrapporten frå valet i 2015 tilrådde ei eiga opplæringssamling for fylkeskommunar. Kvar modul innebar éi samling over to dagar med plenumsforedrag og gruppearbeid.

Kommunerepresentantane er generelt positive til opplæringa, men det blir òg gitt uttrykk for eit ønske om endå tryggare føredragshaldarar, betre tid til gjennomgang av oppgåvene og ei anna samansetjing av plenumsforedrag og gruppe-

arbeid. Fleire trekte òg fram at tida kunne vore betre utnytta. Tilbakemeldingane frå representantane viser i tillegg at det er forholdsvis stor semje om at opplæringssamlingane har ein nettverksbyggjande funksjon der ein kan utveksle erfaringar, og at dette er like viktig som den opplæringa ein får. Spørjeundersøkinga viser at respondentane i fylkeskommunen er gjennomgåande noko mindre positive enn i kommunane, det gjeld vurdering av både kvaliteten på og nytta av opplæringa.

Evalueringa avdekkjer at mange kommunar og fylkeskommunar ønskjer seg eit meir differensiert opplæringstilbod. Ifølgje rapporten tyder mykje på at det vil gi meir effektiv utnytting av tida på samlingane for den einskilde, og at somme bør få tilbod om meir opplæring enn andre. Evalueringssrapporten frå 2015 tilrår òg differensiering av opplæringa for å dekkje behova i dei ulike gruppene.

Mange representantar trekkjer òg fram at det er mogleg å supplere samlingane med ulike digitale løysingar og e-læring. Representantane er likevel delte i dette spørsmålet. Ei svak overvekt av respondentane frå kommunane ønskjer ikkje å erstatte opplæringstid på samlingar med e-læring. Fylkeskommunane er noko meir positive. Evalueringssrapporten tilrår at Valdirektoratet prøver ut ulike modellar for e-læring som eit supplement til opplæringssamlingane, og at ein bør sjå dette i samheng med differensierte opplæringsløp. Rapporten viser til at det kan vere vanskeleg å vurdere nytta av ei løysing ein ikkje har prøvd.

Det blei i tillegg halde to prøveval der ein prøvde å simulere dei ulike stega i eit reelt val. Representantane såg på prøvevala som ei nødvendig gjennomkøyring og ein viktig test før valet, men gav òg tilbakemeldingar om ein del forbettringspunkt, særleg med tanke på samordninga av oppgåvene til kommunane og fylkeskommunane.

#### 4.9.5 Brukarstøtte

Valdirektoratets brukarstøtte svarte på til saman 5 600 telefonførespurnader og 10 600 e-postar under valgjenomføringa i 2017, det vil seie perioden frå januar til september. 90 prosent av respondentane i undersøking opplyste at dei hadde nytta brukarstøtta, og 90 prosent av desse igjen gav ei positiv vurdering av nytteverdien av brukarstøtta. Evalueringa viser at responstida i Valdirektoratets brukarstøtte er gjennomgåande låg. 90 prosent av respondentane opplyste òg at opningstidene for brukarstøtta dekkjer deira behov.

Evalueringa i 2015 viste ein del veikskapar i organiseringa av brukarstøtta. Blant anna blei

det trekt fram at det kunne vore føremålstenleg med færre mellombels tilsette, slik at staben blei betre rusta til å svare på spørsmål, og at svartida i tredjelinja var for lang. Valdirektoratet endra organiseringa før valet i 2017. Heile brukarstøtta låg hos Valdirektoratet, og det blei rekruttert 12 mellombels tilsette medarbeidarar til førstelinja. I andre- og tredjelinja sat fast tilsette i direktoratet og svarte på valfaglege og systemfaglege spørsmål.

Heile 81 prosent av sakene i brukarstøtta blei løyste i førstelinja. Kommunane opplevde jamt over at den valfaglege og tekniske kompetansen til brukarstøtta var relativt god. Brukarstøtta fekk god score på serviceinnstilling. Ein del brukarar, særleg i fylkeskommunane, opplevde at kompetansen i brukarstøtteapparatet ikkje alltid strekte til. Fylkeskommunane og dei største kommunane er generelt sett mindre nøgde enn små og mellomstore kommunar. Det blei gjort tilsvarande funn i evalueringa i 2015, men i 2017 var det noko større forskjellar i kor nøgde dei ulike brukarane var. Funnet kan ha samheng med at dette er meir krevjande brukarar som har høgare forventningar til brukarstøtta dei får.

Evalueringa peiker på at det ligg eit forbettringspotensial i opplæringa av medarbeidarane i førstelinja og i finjusteringa av ansvarsfordelinga mellom linjene. Samtidig blir det understreka at brukarstøtteorganisasjonen totalt sett verkar vellykka og effektiv, og at dei organisatoriske veikskapane som blei avdekte ved evalueringa i 2015, i stor grad er blitt retta opp ved valet i 2017.

#### 4.9.6 Samla vurdering og tilrådingar

Evalueringa konkluderer med at representantane frå kommunane og fylkeskommunane er nøgde med Valdirektoratets tenester i samband med valet i 2017. Brukarane er mest nøgde med EVA og Valmedarbeidarportalen. Evalueringa viser at alle brukarane av EVA har tillit til at systemet løys oppgåvene sine på ein sikker, presis og tillitvekkjande måte. Representantane både frå kommunane og frå fylkeskommunane gir likevel uttrykk for eit ønske om å bli meir involverte i vidareutviklinga av EVA.

Tilbakemeldingane er meir samansette når det gjeld opplæring og brukarstøtte. Det området der flest brukarar ser eit forbettringspotensial, er opplæring. Valdirektoratet får ros for å vere tilgjengelege og imøtekommande, men nokre stilte spørsmål ved kvaliteten på innhaldet som blei formidla. Evalueringa viser også at ein stor del av spørsmåla fekk svar av førstelinja,

som ikkje alltid hadde tilstrekkeleg kompetanse til å svare på desse. Kommunane er gjennomgåande meir positive i tilbakemeldingane sine enn fylkeskommunane.

I evalueringa tilrår ideas2evidence at Valdirektoratet prioriterer kompetanseoppbygging fram mot neste val høgt. Dei understrekar at kommune- og regionreforma vil krevje store tilpassingar i EVA. Vidare tilrår ideas2evidence at ein legg vekt på å forbetre tryggleiken i systema og rutinane ved maskinell oppteljing av stemmesetlar, sidan det er sannsynleg at det blir merksemd rundt tryggleiken ved neste val òg.

Evalueringsrapporten tilrår òg ei differensiert opplæring og at brukarane i større grad blir rådspurde under vidareutviklinga av EVA og Valmedarbeidarportalen. I tillegg tilrår rapporten at ein vurderer å supplere og etter kvart delvis erstatte opplæringsamlingane med e-læring. Brukarstøtta blir tilrådd vidareført ved neste val, sidan ho fungerte rimeleg bra. Valdirektoratet bør likevel prioritere omfattande opplæring til førstelinja og utarbeide betre rutinar for fordeling mellom førstelinja og dei andre linjene, pluss kvalitetssikring.

#### 4.9.7 Departementets vurdering

Evalueringa som er gjennomført, gir nyttige innspel til vidare arbeid med forbetringar og endringar i arbeidet med å støtte kommunar og fylkeskommunar i valgjennomføringa. Departementet merkar seg at kommunar og fylkeskommunar stort sett gir gjennomgåande gode tilbakemeldingar på Valdirektoratets tenester.

Departementet understrekar at upresise eller feilaktige svar i brukarstøtta kan få svært alvorlege konsekvensar for valgjennomføringa. Det vil vere ein viktig prioritet for Valdirektoratet å bygge opp tilstrekkeleg kompetanse i brukarstøtta til å hindre at slike feil skjer.

Departementet viser til at eit av oppdraga i Valdirektoratets tildelingsbrev for 2018 er å følgje opp evalueringar av valgjennomføringa i 2017. Valdirektoratet vil komme med forslag til oppfølging av dei ulike tilrådingane frå ideas2evidence om endringar framfor valet i 2019.

## 5 Sametingsvalet

### 5.1 Gjeldande rett

---

Gjennomføringa av sametingsval er regulert av forskrift 19. desember 2008 nr. 1480 om valg til Sametinget, som er gitt i medhald av lov 27. juni nr. 51 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (sameloven). Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ansvar for regelverket.

Stemmegivinga i kommunar med 30 eller fleire personar i manntalet til Sametinget blir halde på same stad og til same tid som stemmegivinga til stortingsvalet, jf. forskrift om valg til Sametinget § 47 første ledd. I kommunar med mindre enn 30 manntalsførte i Sametingets valmanntal er det berre høve til å gi førehandsstemme til sametingsvalet, jf. samelova § 2-3 tredje ledd. Førehandsstemmegivingane skal sendast utan opphald til samevalstyret i kommunen der veljaren er manntalsført, eller til oppteljingsvalstyret i krinsen dersom veljaren er manntalsført i ein kommune med færre enn 30 manntalsførte, jf. forskrifta § 43 syvende ledd.

### 5.2 Valdeltakinga

---

Valdeltakinga ved sametingsvalet i 2017 var på 70,3 prosent. Det er ein auke på 3,4 prosenteningar samanlikna med valet i 2013 og på nivå med valdeltakinga i 2009.

Valdeltakinga ved sametingsvalet i 2017 var 7,3 prosenteningar lågare enn ved stortingsvalet. Til saman var det 11 757 godkjende stemmegivingar ved sametingsvalet.

Resultatet frå valet viser store variasjonar i valdeltakinga i dei ulike valkrinsane. Det var høgast valdeltaking i dei to nordlegaste valkrinsane; Ávjovári valkrins med 75,7 prosent og Austre valkrins med 78,3 prosent. Valdeltakinga i Sør-Noreg valkrins var lågast, med 61,4 prosent. Dette var likevel ein auke på 5,4 prosenteningar samanlikna med sametingsvalet i 2013 og 7,1 prosenteningar samanlikna med valet i 2009.

Om lag halvparten av dei godkjende stemmene til sametingsvalet blei gitt som førehandsstemmer.

### 5.3 Evaluering

---

Departementet har ikkje evaluert sametingsvalet særskilt. Sametinget gjer ei eiga evaluering av sametingsvalet. Departementet vil i tett samarbeid med Sametinget greie ut om det trengst endringar i regelverket for gjennomføring av sameingsval framfor sametingsvalet i 2021. Samelova § 2-4 om inndeling i valkrinsar er knytt opp mot kommune- og fylkesstrukturen og må oppdaterast som følgje av at denne blir endra.

## 6 Internasjonal valobservasjon

### 6.1 Observasjon av stortingsvalet 2017

---

Etter vallova § 15-10 har kommunane plikt til å ta imot og leggje til rette for akkrediterte valobservatørar. Departementet akkrediterer nasjonale og internasjonale valobservatørar, og har sidan 2009 motteke valobservatørar ved kvart val. Departementet ser det som nyttig å få innspel om den norske valordninga og korleis vi gjennomfører val i Noreg, og meiner dette medverkar til å halde oppe tilliten til valsystemet.

Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa sitt kontor for demokrati og menneskerettar (OSSE/ODIHR) sende ein delegasjon til Noreg den 21.–23. juni 2017 for å kartleggje i kva grad det var aktuelt å sende ein delegasjon til Noreg under stortingsvalet. På bakgrunn av funna og konklusjonane til kartleggingsdelegasjonen, sendte OSSE ein delegasjon med tre valekspertar som gjennomførte ein avgrensa observasjon under valet. Ekspertteamet evaluerte valadministrasjon, finansiering av politiske parti og kampanjar og bruken av det elektroniske valadministrasjonssystemet EVA. Delegasjonen publiserte ein rapport med funn og merknader i etterkant av valet. Departementet set pris på at OSSE prioriterer å gjennomføre valobservasjon i Noreg i 2017.

I tillegg til ekspertteamet frå OSSE akkrediterte departementet norske og internasjonale observatørar frå til saman 32 ulike land. Fleire av observatørane var i følgje med norske organisasjonar, blant anna Den norske Helsingforskomiteen og Norsk ressursbank for demokrati og menneskerettar (NORDEM). Det blei totalt akkreditert 158 observatørar i 2017. Departementet arrangerte òg eit seminar der alle observatørane fekk ei innføring i det norske valsystemet og regelverket for valgjennomføring.

### 6.2 Rapport frå OSSE om stortingsvalet 2017

---

#### 6.2.1 Innleiing

OSSE offentliggjorde rapporten frå valekspertane den 4. desember 2017 (sjå <http://www.osce.org/odihr/elections/norway/360336>).

Dette kapittelet inneheld ein gjennomgang av OSSEs tilrådingar og departementets kommentarar til dei ulike problemstillingane.

#### 6.2.2 Preferanseval under førehandsstemmegiving

OSSE meiner at Valdirektoratet og kommunane kan vurdere å setje i verk tiltak som legg til rette for at veljarar som gir førehandsstemme utanfor eigen kommune, kan få stemme på lokale lister og nytte personstemmegiving slik veljarane får høve til i heimkommunen sin.

Departementet viser til at veljarar som stemmer utanfor eigen kommune, får utdelt ein avkryssingsstemmesetel med alle registrerte parti på. Dersom veljaren vil stemme på eit ikkje-registrert parti eller ei lokal liste, kan veljaren skrive namnet på denne lista på avkryssingsstemmesetelen. Det ligg såleis godt til rette for at veljarane kan stemme på det partiet dei vil, same kvar dei stemmer.

Det vil i praksis vere vanskeleg å gi veljarane høve til å nytte personstemmegiving når dei stemmer utanfor eigen kommune ved kommunestyreval og utanfor eige fylke ved fylkestingsval og stortingsval. Departementet ser det som ei lite føremålstenleg og svært kostbar løysing at alle kommunane i landet skal ha eksemplar av stemmesetlane i heile landet tilgjengeleg. Departementet legg vekt på den lange førehandsstemmeperioden og at det er lagt godt til rette for å stemme i Noreg, og at veljarane kan få stemme på lokale parti òg når dei stemmer utanbys. Veljarane har òg høve til sjølv å skaffe seg den lokale stemmesetelen ved å kontakte kommunen sin. Departementet understrekar at det ikkje er komme nokon klager eller førespurnader frå veljarane om dette.

Departementet vil ikkje følge opp denne tilrådinga, sidan det ville vere vanskeleg innanfor dagens måte å gjennomføre val på.

### 6.2.3 Legitimasjon

OSSE meiner at lista over kva som er akseptabel legitimasjon ved val, kan utvidast eller utdjupest for å tilpasse seg veljarar utan pass eller førarkort.

Etter vallova § 8-4 sjette ledd og § 9-5 andre ledd skal veljarar som er ukjende for stemmemottakaren, legitimere seg. Det finst inga vidare regulering av kva slags legitimasjon som skal godkjennast. Det skal leggjast vekt på at stemmemottakaren må sjå at det er rette vedkommande ein står overfor, og stemmemottakaren må såleis vurdere kvaliteten på legitimasjonen til veljaren. Departementet oppfordrar kommunane til å vise skjønn, men meiner det er eit minstekrav at legitimasjonen inneheld namnet på veljaren, fødselsdato og bilete og har eit visst offisielt preg. Sjølv om typiske legitimasjonspapir er bankkort med bilete, førarkort eller pass, er ikkje regelverket til hinder for at andre typar legitimasjon kan godkjennast. Departementet ønskjer ikkje å regulere nærmare kva slags legitimasjon som skal godkjennast. Formålet med legitimeringa er at stemmemottakaren skal kunne kontrollere at veljaren er den han eller ho gir seg ut for å vere, og dagens regelverk gir stemmemottakaren rom for å bruke skjønn.

### 6.2.4 Synshemma

OSSE tilrår at departementet set i verk tiltak som gjer det mogleg for synshemma veljarar å gi personstemme utan hjelp.

Alle veljarar som treng det, kan be stemmemottakaren om hjelp ved stemmegivinga. Veljarar med alvorleg psykisk eller fysisk funksjonshemming kan etter vallova § 8-4 åttende ledd i tillegg peike ut ein ekstra hjelpar blant dei personane som er til stades i vallokalet. Vallokala er i tillegg tilrettelagde for at veljarar som les blindeskrift, kan gi partistemme på eiga hand, anten ved bruk av kartotekløysing eller ved bruk av ein stemmesetel med blindeskrift der alle registrerte politiske parti er oppførte.

Departementet ser i dag ingen openberre praktiske tiltak som gjer det mogleg for synshemma veljarar å gi personstemme utan hjelp. Departementet understrekar at veljarane har rett til hjelp i vallokalet, og at valfunksjonærane har teieplikt. Som ein del av evalueringa av valet vil departementet møte ulike brukargrupper og organisasjonar, for å finne fram til gode løysingar

innanfor dagens regelverk. Problemstillinga blir òg følgd opp i vallovutvalet.

### 6.2.5 Oppteljing av førehandsstemmer

OSSE viser til føresegna i vallova om at veljaren sjølv har ansvaret å førehandsstemme tidsnok til at kommunen mottok stemma innan fristen for godkjenning av førehandsstemmer. OSSE peiker på at veljarar har høve til å førehandsstemme fram til fredag før valdagen, og at dette fører til at ein del stemmer kjem fram etter tidsfristen og derfor blir forkasta.

Departementet ser at det er viktig at stemmer gitt innanfor dei lovfaste fristane blir talde med i valoppgjeret, sidan dette er ei rettkommen forventning frå veljarane. Departementet har fastsett tydelege rutinar for sending av førehandsstemmer, og Valdirektoratet har gitt opplæring og informasjon til kommunane om nøyaktig adressering. Posten informerte kommunane i eit eige brev om korleis dei best kan sikre at førehandsstemmer kjem fram i tide. Ut frå evalueringa av valet i 2017 ser det ut til at dei tiltaka som er sette i verk, har hatt effekt. Valdirektoratets undersøkingar etter valet i 2017 viser at prosentdelen av for seint innkomne førehandsstemmer har gått ned frå 0,19 prosent i 2013 til 0,11 prosent i 2017. Samtidig viser tilbakemeldingar frå kommunane at hovudårsaka til at førehandsstemmer kjem for seint fram, er feil frå valmedarbeidarar. Departementet vil sørge for at dette blir godt dekt ved opplæringa av valansvarlege framfor neste val. Sending av førehandsstemmer er òg ein del av mandatet til vallovutvalet, og utvalet skal vurdere framtidige sendemåtar for førehandsstemmer for å unngå at stemmer må forkastast.

### 6.2.6 Publisering av valresultat

OSSE tilrår at valresultata bør publiserast per vallokale for å gi betre innsyn i valresultatet og for å gjere det lettare å granske resultata. Unntaket er for vallokale der dette ikkje er mogleg utan å komme i strid med prinsippet om hemmelege val, det vil seie vallokale med svært få gitte stemmer.

Valdirektoratet publiserer valresultat på nettsida [www.valgresultat.no](http://www.valgresultat.no). Det er kommunane som rapporterer inn resultata via EVA. Måten kommunen har valt å telje opp stemmesetlane på, avgjer korleis resultata blir rapporterte og publiserte. Det er valstyret i kommunen som avgjer korleis oppteljinga skal skje. Dersom kommunen vel å telje alle stemmesetlane i kommunen samla, blir også resultata publiserte på kommunenivå. Kom-

munar som gjennomfører oppteljing per krins, får òg resultat publisert per krins, slik OSSE tilrår.

Departementet ønskjer ikkje å pålegge alle kommunar å gjennomføre oppteljing på krinsnivå og vil derfor ikkje følgje opp tilrådinga frå OSSE.

### 6.2.7 Systemendringar

OSSE viser til at det kort tid før valdagen blei sendt ut nye tilrådingar for IT-tryggleik, med mål om å betre tryggleiken ved oppteljinga. Ifølgje OSSE blei desse tilrådingane på grunn av tidsavgrensingar berre delvis implementerte av valstyra i kommunane og fylkeskommunane. OSSE uttaler at når det blir innført endringar i valrutinar, inkludert det elektroniske systemet, bør ein følgje opp at alle valstyresmakter rettar seg etter dei.

Departementet viser til at det blei sett i verk to nye tiltak framfor valet for å auke tryggleiken i valg gjennomføringa. Det eine tiltaket var pålegget om manuell førebels oppteljing, som nemnt i kapittel 4.4. Dette tiltaket var pålagt i forskrift og blei gjennomført i alle aktuelle kommunar. Det andre tiltaket var eit sett med tilrådingar utferda av Valdirektoratet som spesifikt var retta mot kontrollteljinga av stemmesetlar i fylkesvalstyra. Tilrådingane blei gjennomførte på ulik måte i kommunar og fylkeskommunar, sidan dei blei tilpassa lokale tekniske forhold og lokale risikovurderingar. Etter direktoratets vurdering var det ikkje tidsavgrensing som var årsaka til dette. Valdirektoratet medverka aktivt med å observere og gi råd til fylka når dei skulle setje i verk dei tilrådde tiltaka, og hadde personleg kontakt med alle fylkesvalstyra. Direktoratet ser at det trengst meir rådgiving på lokalt nivå, spesielt når det gjeld å vise god praksis for teknisk oppsett av IT-løysingar og vurdering av risiko og tryggleik på dette området.

### 6.2.8 Kjeldekodar

OSSE tilrår at departementet publiserer kjeldekodane til programvare som blir nytta for å leggje til

rette for sentrale valrutinar, slik at desse blir tilgjengelege for ekstern verifisering.

Departementet er einig med OSSE i at det er viktig å ha høg grad av openheit i valg gjennomføringa og hos valstyresmaktene, sidan dette medverkar til å halde oppe den store tilliten hos innbyggjarane. Samtidig er det viktig å halde på tryggleiken i valsystema. Valdirektoratet opplyser at dei har ei pågåande vurdering av spørsmålet OSSE tek opp.

### 6.2.9 Partifinansiering

OSSE meiner departementet kan vurdere ytterlegare føresegner om regulering og offentleggjering av økonomiske bidrag og tenester til partimedlemmer og listekandidatar, som eit tiltak for å gi betre innsyn i partiinntekter.

Departementet viser til at det norske politiske systemet er kjenneteikna av å vere partisentret, og det er uvanleg at kandidatar har sin eigen personlege valkampanje. Departementet kan med heimel i partilova § 22 a gi reglar i forskrift om at rapporteringssystemet for partistøtte heilt eller delvis også skal omfatte finansieringa av valkampanjar for kandidatar som representerer politiske parti eller partiledde, og som vinn representasjon til folkevalde organ. Departementet understrekar at dette vil innebere 11 000 rapporteringar ved lokalval, noko som vil vere ressurskrevjande både å sende inn og å ta imot. Det er meir aktuelt å avgrense rapporteringa til å gjelde kandidatar som representerer politiske parti, og at rapporteringa blir gjort som ein del av partiets årsrapport.

Dersom det blir innført personval ved stortingsval og det blir større merksemd om kandidatar i valkampen, kan det bli aktuelt å nytte denne forskriftsheimelen. Departementet er oppteke av å forbetre systemet kontinuerleg og sikre openheit i finansiering av politiske parti også i framtida. Departementet følgjer opp tilrådinga ved å følgje utviklinga på saksområdet og vurdere eigna tiltak, men vil ikkje setje i verk tiltak på det noverande tidspunktet.

## 7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei foreslåtte endringane i vallova vil kunne gjennomførast innanfor gjeldande økonomiske rammer. Forslaga vil ha administrative konsekvensar i form av at ein del fylkesvalstyre vil vere ansvarlege for listeforslag, kontrollteljing og valoppgjær i meir enn eitt valdistrikt. Departementet vil sørge

for at fylkesadministrasjonane får tilpassa opplæring framfor valet i 2021, slik at dei er best mogleg førebudde. Forslaga krev òg oppfølging med god informasjon til veljarar, parti, kommunar og fylkeskommunar. Departementet vil leggje stor vekt på dette i førebuingane til stortingsvalet.



## 8 Merknader til dei einskilde forslaga

### *Til § 6-2 første ledd første punktum*

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande regel om krav til kor mange kandidatnamn det må vere på listeforslaget ved stortingsval. Nemninga «valgdistrikt» erstattar «fylket», som er dagens nemning. Dei 19 valdistrikta ved stortingsval går fram av § 11-1 første ledd andre punktum. Det følgjer av føresegna at listeforslaget skal vere utfylt med namnet på så mange kandidatar som det skal veljast representantar til Stortinget frå *valdistriktet*, i tillegg til inntil seks andre namn.

### *Til § 6-3 første ledd første punktum*

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett. Nemninga «valgdistrikt» erstattar både «fylke» som ei følgje av endringa i § 11-1 første ledd andre punktum og «kommune». Ved stortingsval er valdistrikta dei 19 tidlegare fylka som går fram av § 11-1 første ledd andre punktum. Ved kommune-styreval er kvar kommune eit valdistrikt, og ved fylkestingsval er kvar fylkeskommune eit valdistrikt.

Føresegna held ved lag partia sin rett til å organisere seg slik dei vil, og gir partia meir fleksibilitet når det gjeld kva for lokalt partiledd som stiller liste. Det er lokalavdelinga med ansvar for valdistriktet som kan stille liste, gjennom at minst to styremedlemer i lokalavdelinga skriv under på listeforslaget. Dersom partiet berre har eitt fylkeslag som er ansvarleg for nominasjonen for alle stortingsvaldistrikta i fylket, skal to styremedlemer i fylkeslaget med stemmerett i valdistriktet skrive under på listeforslaget. Dersom partiet har halde på dagens organisasjonar i stortingsvaldistrikta (dagens fylke), vil desse kunne stille liste. Dette vil gjelde ved både stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval. Ved fylkestingsval og kommunestyreval vil valdistriktet vere det same som høvesvis fylket eller kommunen. Kravet om at underskrivarane må ha stemmerett i valdistriktet, blir ført vidare, og formålet med det er framleis å sikre lokal forankring av listeforslag.

### *Til § 6-3 andre ledd bokstav a*

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett om at eit listeforslag ved stortingsval og fylkestingsval skal vere underskrive av minst 500 personar med stemmerett i *valdistriktet* ved det aktuelle valet. Nemninga «valgdistrikt» erstattar «fylket» som ei følgje av endringa i § 11-1 første ledd andre punktum. Ved stortingsval er det 19 valdistrikt, og ved fylkestingsval er kvar fylkeskommune eit valdistrikt.

### *Til § 6-6 fjerde ledd*

Føresegna erstattar og fører vidare føresegna i valforskrifta § 16. Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett om at når det er uklart kven som har rett til å representere eit politisk parti på lokalt nivå og rett til å stille liste, skal valstyremaktene innhente og leggje til grunn fråsegn frå utøvande organ i partiet, jf. partilova § 3 andre ledd bokstav b.

Det som no er fjerde ledd, blir nytt femte ledd.

### *Til § 8-2 tredje ledd andre punktum*

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett. Nemninga «valgdistrikt» erstattar «fylke», som ei følgje av endringa i § 11-1. Det følgjer av føresegna at ein kandidat som er ført opp på ei valliste ved stortingsvalet eller fylkestingsvalet, ikkje kan oppnemnast som mottakar av førehandsstemmer i kommunane i det same *valdistriktet*. Med valdistrikt er det meint dei 19 valdistrikta som er lista opp i § 11-1 første ledd andre punktum ved stortingsval, og fylket ved fylkestingsval.

### *Til § 9-3 fjerde ledd andre punktum*

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett. Nemninga «valgdistrikt» erstattar «fylke», som ei følgje av endringa i § 11-1. Det følgjer av føresegna at ein kandidat som er ført opp på ei valliste ved stortingsvalet, ikkje kan oppnemnast som stemmemottakar eller valfunksjonær i vallokala i kommunane i det same *valdistriktet*. Med

valdistrikt er det meint dei 19 valdistrikta som er lista opp i § 11-1 første ledd andre punktum ved stortingsval, og fylket ved fylkestingsval.

*Til § 10-6 fjerde ledd andre punktum*

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett. Nemninga «valgdistrikt» erstattar «fylke», som ei følgje av endringa i § 11-1. Det følgjer av føresegna at fylkesvalstyra ved stortingsval og fylkestingsval skal registrere rettingar veljarane har gjort på stemmesetlane. Fylkesvalstyret skal telje kor mange stemmesetlar som er gitt til kvar liste, samanlagt for alle kommunar i eitt *valdistrikt*. Med valdistrikt er det meint dei 19 valdistrikta som er lista opp i § 11-1 første ledd andre punktum ved stortingsval, og fylket ved fylkestingsval.

*Til § 11-1*

*Første ledd første punktum* i føresegna fører vidare gjeldande rett om at landet skal delast inn i 19 valdistrikt. *Første ledd andre punktum* i føresegna fastset dei 19 valdistrikta, som svarer til dei 19 fylka som utgjorde valdistrikt ved stortingsvalet i 2017. Endringa skjer som følgje av endringar i fylkesstrukturen, jf. Prop. 84 S (2016–2017). Ved å halde på dagens 19 valdistrikt ved valet i 2021 sikrar ein omsyna til geografisk og partipolitisk representasjon, og dei er godt innarbeidde.

*Andre ledd* i føresegna er nytt og gir heimel til å namngi i forskrift kva for kommunar som høyrer til dei ulike valdistrikta. Forskrifta vil berre namngi kommunane som høyrer til valdistriktet. Kva for kommunar som skal høyre til dei ulike valdistrikta, følgjer av kommunens fylkestilhøyrslø. Bakgrunnen for forskriftsheimelen er at ikkje alle samanslåingar, grensejusteringar og namneendringar er vedtekne når dette lovforslaget blir fremma.

*Til § 11-4 andre ledd første punktum*

Føresegna er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande rett. Det er gjort tilpassingar som følgje av endringa i § 11-1. Det følgjer av føresegna at fylkesvalstyret skal utføre valoppgjjer for valdistrikta i fylket og fordele distriktsmandata mellom

listene. Det inneber at nokre fylkesvalstyre vil måtte utføre valoppgjjer for meir enn eitt valdistrikt.

*Til § 11-6 tredje ledd*

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande føresegn om korleis Riksvalstyret fordeler utjamningsmandata mellom partia ved stortingsval. Det er gjort endringar i føresegna som følgje av endringa i § 11-1 første ledd andre punktum, slik at nemninga «valgdistrikt» erstattar «fylke» gjennomgåande i føresegna. Det vil derfor framleis vere 19 utjamningsmandat til fordeling på 19 valdistrikt.

*Til § 11-9 andre ledd*

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett. Det er gjort endringar i føresegna som følgje av endringa i § 11-1 første ledd andre punktum, slik at nemninga «valgdistrikt» gjennomgåande erstattar «fylke». Det følgjer av føresegna at dersom ein kandidat blir vald til stortingsrepresentant frå fleire valdistrikt, må kandidaten gi skriftleg erklæring om kva val han eller ho mottek. Dersom slik erklæring ikkje blir gitt, reknar ein valet som motteke i valdistriktet der kandidaten har stemmerett eller – i tilfelle kandidaten ikkje har stemmerett i nokon av valdistrikta – det valdistriktet som kjem først i alfabetisk rekkjefølgje.

*Til § 13-1 første ledd første punktum*

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett til å klage over forhold i samband med førebuinga og gjennomføringa av stortingsvalet i valdistriktet der ein er manntalsført. Nemninga «valgdistrikt» erstattar «fylke», som følgje av endringa i § 11-1 første ledd andre punktum.

*§ 13-3 tredje og fjerde ledd*

Føresegna er ei vidareføring av gjeldande rett om Stortingets mynde til å kjenne stortingsvalet ugyldig. Nemninga «valgdistrikt» erstattar «fylke», som følgje av endringa i § 11-1 første ledd andre punktum. Valoppgjjeret blir utført per valdistrikt, og det er såleis i eit valdistrikt det kan bli aktuelt for Stortinget å påby omval.

Endringar i vallova (valdistrikt ved stortingsval, rett til å stille liste ved val mv.)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i vallova (valdistrikt ved stortingsval, rett til å stille liste ved val mv.).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i vallova (valdistrikt ved stortingsval, rett til å stille liste ved val mv.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringer i vallova (valdistrikt ved stortingsval, rett til å stille liste ved val mv.)

#### I

I lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre blir det gjort følgende endringer:

§ 6-2 første ledd første punktum skal lyde:

(1) Ved stortingsvalg skal listeforslaget være utfyllt i rekkefølge med navnet på så mange kandidater som det skal velges representanter til Stortinget fra *valgdistriktet*.

§ 6-3 første ledd skal lyde:

(1) For partier registrert i Partiregisteret som ved forrige stortingsvalg fikk en oppslutning på minst 500 stemmer i ett *valgdistrikt* eller minst 5 000 stemmer i hele landet, er det tilstrekkelig at listeforslaget er underskrevet av minst to *styremedlemmer i lokalavdelingen med ansvar for valgdistriktet* listen gjelder. Det samme gjelder for partier som er blitt registrert i Partiregisteret etter forrige stortingsvalg. Underskriverne må ha stemmerett i valgdistriktet. Hvis et registrert politisk parti stiller listeforslag sammen med en uregistrert gruppe, gjelder likevel bestemmelsene i annet ledd.

§ 6-3 andre ledd bokstav a skal lyde:

a) Ved stortingsvalg og fylkestingsvalg skal listeforslaget være underskrevet av minst 500 personer med stemmerett i *valgdistriktet* ved det aktuelle valget.

§ 6-6 fjerde ledd skal lyde:

(4) *Dersom det er uklart hvem som har rett til å representere et registrert politisk parti på lokalt nivå og dermed rett til å stille liste for dette partiet, skal valgmyndighetene innhente og legge til grunn uttalelse fra partiets utøvende organ, jf. partiloven § 3 annet ledd bokstav b.*

Nåverande fjerde ledd blir nytt femte ledd.

§ 8-2 tredje ledd andre punktum skal lyde:

Kandidat som er oppført på valgliste ved stortingsvalget eller fylkestingsvalget, kan ikke oppnevnes

til stemmemottaker i kommunene i vedkommende *valgdistrikt*.

§ 9-3 fjerde ledd andre punktum skal lyde:

Kandidat som er oppført på valgliste ved stortingsvalget eller fylkestingsvalget, kan ikke oppnevnes til stemmemottaker eller valgfunksjonær i valglokalene i kommunene i vedkommende *valgdistrikt*.

§ 10-6 fjerde ledd andre punktum skal lyde:

Hver listes stemmetall finnes ved å telle hvor mange stemmesedler som er avgitt til hver liste, sammenlagt for alle kommunene i *ett valgdistrikt*.

§ 11-1 skal lyde:

§ 11-1 *Valgdistriktene ved stortingsvalg*

(1) Landet deles inn i 19 *valgdistrikter*. Ved valg til Stortinget velges medlemmer med varamedlemmer fra følgende *valgdistrikter*:

- a) Østfold valgdistrikt
- b) Akershus valgdistrikt
- c) Oslo valgdistrikt
- d) Hedmark valgdistrikt
- e) Oppland valgdistrikt
- f) Buskerud valgdistrikt
- g) Vestfold valgdistrikt
- h) Telemark valgdistrikt
- i) Aust-Agder valgdistrikt
- j) Vest-Agder valgdistrikt
- k) Rogaland valgdistrikt
- l) Hordaland valgdistrikt
- m) Sogn og Fjordane valgdistrikt
- n) Møre og Romsdal valgdistrikt
- o) Sør-Trøndelag valgdistrikt
- p) Nord-Trøndelag valgdistrikt
- q) Nordland valgdistrikt
- r) Troms valgdistrikt
- s) Finnmark valgdistrikt

(2) Departementet gir forskrift om hvilke kommuner som inngår i de ulike *valgdistriktene*.

§ 11-4 andre ledd første punktum skal lyde:

(2) Fylkesvalgstyret skal foreta *ett valgoppgjør* for *hvert av valgdistriktene* i fylket og fordele *valgdistriktets* distriktsmandater mellom listene.

§ 11-6 tredje ledd skal lyde:

(3) Riksvalgstyret fordeler partienes utjevningsmandater med ett på hvert *valgdistrikt*, på følgende måte:

- a) For hvert *valgdistrikt* og for hvert parti som har vunnet minst ett utjevningsmandat, tas utgangspunkt i partiets stemmetall i *valgdistriktet*. Har partiet ikke fått noe distriktsmandat, skal partiets stemmetall i *valgdistriktet* legges til grunn. Har partiet fått distriktsmandat, skal partiets stemmetall divideres med et tall som er én mer enn det dobbelte av antall distriktsmandater partiet har fått i *valgdistriktet*. Partiets stemmetall eller de fremkomne kvotienter divideres med det gjennomsnittlige antall stemmer per distriktsmandat i vedkommende *valgdistrikt*.
- b) De fremkomne kvotientene for samtlige *valgdistrikter* og for samtlige partier som har vunnet minst ett utjevningsmandat, ordnes etter størrelse. Er flere kvotienter like store, er antall stemmer i vedkommende *valgdistrikter* avgjørende. I tilfelle stemmelikhet avgjøres rekkefølgen ved loddrekning.
- c) Utjevningsmandat nr. 1 tildeles det partiet og det *valgdistriktet* som etter beregningen foran har den største kvotienten. Utjevningsmandat nr. 2 tildeles det partiet og det *valgdistriktet* som har den nest største kvotienten, osv.
- d) Når et *valgdistrikt* er blitt tildelt et utjevningsmandat, kommer det ikke i betraktning ved de videre beregningene. Når et parti har fått det antall utjevningsmandater det skal ha i henhold til fordelingen etter annet ledd, kommer partiet ikke i betraktning ved de videre beregningene. Fordelin-

gen fortsetter for de øvrige *valgdistriktene* og de øvrige partiene inntil samtlige utjevningsmandater er fordelt.

§ 11-9 andre ledd skal lyde:

(2) Er en kandidat blitt valgt til representant eller vararepresentant fra flere *valgdistrikter*, avgjør vedkommende selv hvilket valg som mottas. Skriftlig erklæring om hvilket valg som mottas skal sendes vedkommende fylkesvalgstyret innen tre dager etter at underretning om valget er mottatt fra fylkesvalgstyrene. Gir ikke vedkommende underretning som nevnt, anses valget mottatt i det *valgdistriktet* hvor vedkommende er stemmeberettiget, eller – hvis vedkommende ikke er stemmeberettiget i noen av *valgdistriktene* – det *valgdistriktet* som kommer først i alfabetisk orden. Blir det valget vedkommende har mottatt kjent ugyldig, kan vedkommende avgi ny erklæring.

§ 13-1 første ledd første punktum skal lyde:

(1) Alle som har stemmerett, kan klage over forhold i forbindelse med forberedelsen og gjennomføringen av stortingsvalget i det *valgdistriktet* vedkommende er manntallsført.

§ 13-3 tredje og fjerde ledd skal lyde:

(3) Stortinget skal kjenne stortingsvalget i en kommune eller i et *valgdistrikt* ugyldig hvis det er begått feil som antas å ha hatt innflytelse på utfallet av valget, og som det ikke er mulig å rette.

(4) Når valget i en kommune eller i et *valgdistrikt* er kjent ugyldig, påbyr Stortinget omvalg. Stortinget kan i særlige tilfeller påby omvalg i hele *valgdistriktet*, selv om feilen ikke gjelder alle kommunene i *valgdistriktet*.

## II

Lova tek til å gjelde straks.





